



Prop. 92 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i straffegjennomføringsloven mv.

Innhold

| | | | | | |
|----------|---|----|--------------|--|----|
| 1 | Hovudinnhaldet i proposisjonen | 5 | 7.4.3 | Høyringsinstansane sitt syn | 22 |
| | | | 7.4.4 | Departementet si vurdering no | 23 |
| | | | 7.5 | Varetaking av innsette sine behov | 23 |
| 2 | Bakgrunnen for lovframlegget | 6 | 7.5.1 | Gjeldande rett og høyringsnotatet | 23 |
| 2.1 | Høyringsbrev av 16. januar 2012 | 6 | 7.5.2 | Høyringsinstansane sitt syn | 24 |
| | | | 7.5.3 | Departementet si vurdering no | 24 |
| 3 | Høve til å peike ut personundersøkarar | 8 | 8 | Utelating fra fellesskapet i førebyggjande hensikt | 26 |
| 3.1 | Gjeldande rett | 8 | | Gjeldande rett | 26 |
| 3.2 | Høyringsnotatet | 8 | | Høyringsnotatet | 26 |
| 3.3 | Høyringsinstansane sitt syn | 8 | 8.1 | Høyringsinstansane sitt syn | 26 |
| 3.4 | Departementet si vurdering no | 8 | 8.2 | Departementet si vurdering no | 26 |
| | | | 8.3 | | |
| | | | 8.4 | | |
| 4 | Høve til å avgjere at dom på fullføring av reststraff skal fullbyrdast | 10 | 9 | Fastsetjing av vilkår ved permisjon og straffavbrot | 28 |
| 5 | Tilgjenge til opplysingar om hemmeleg telefonnummer mv. som er underlagt teieplikt | 11 | 10 | Unnlating av å rette seg etter pålegg om oppmøte til fullbyrding av straff | 29 |
| 5.1 | Gjeldande rett | 11 | | | |
| 5.2 | Høyringsnotatet | 12 | 11 | Prøvelauslating av utanlandske innsette der utvisinga skal setjast i verk samstundes med lauslatinga | 30 |
| 5.3 | Høyringsinstansane sitt syn | 12 | | Gjeldande rett | 30 |
| 5.4 | Departementet si vurdering no | 13 | | Høyringsnotatet | 30 |
| | | | | Høyringsinstansane sitt syn | 31 |
| | | | | Departementet si vurdering no | 31 |
| 6 | Utvida bruk av overgangsbustad | 15 | 11.1 | Justering av straffegjennomføringsloven § 44 femte ledd og § 58 siste ledd | 33 |
| 6.1 | Gjeldande rett | 15 | 11.2 | | |
| 6.2 | Høyringsnotatet | 15 | 11.3 | | |
| 6.3 | Høyringsinstansane sitt syn | 15 | 11.4 | | |
| 6.4 | Departementet si vurdering no | 16 | 12 | | |
| 7 | Overføring mellom gjennomføringsformer | 18 | | | |
| 7.1 | Innleiing | 18 | 13 | Kva for straffegjennomføringsreglar som gjeld for innsette i varetekts mv. | 34 |
| 7.2 | Særleg negativ innverknad på miljøet | 18 | | Gjeldande rett og høyringsnotatet | 34 |
| 7.2.1 | Gjeldande rett | 18 | 13.1 | Høyringsinstansane sitt syn | 34 |
| 7.2.2 | Høyringsnotatet | 18 | | Departementet si vurdering no | 34 |
| 7.2.3 | Høyringsinstansane sitt syn | 19 | 13.2 | | |
| 7.2.4 | Departementet si vurdering no | 19 | 13.3 | | |
| 7.3 | Av omsyn til konkrete tilsette | 20 | | | |
| 7.3.1 | Gjeldande rett | 20 | 14 | Avgjerdsmyndigheit ved soningsutsetjing | 36 |
| 7.3.2 | Høyringsnotatet | 20 | | | |
| 7.3.3 | Høyringsinstansane sitt syn | 21 | | | |
| 7.3.4 | Departementet si vurdering no | 21 | 15 | | |
| 7.4 | Samansetjing av grupper av innsette | 22 | | Manglande framsmøte til rettsmøte ved brot på vilkåra for narkotikaprogram med domstolskontroll og program mot ruspåverka køyring | 37 |
| 7.4.1 | Gjeldande rett | 22 | | | |
| 7.4.2 | Høyringsnotatet | 22 | | | |

| | | | | | |
|-----------|--|-----------|------|---|-----------|
| 16 | Einskilde språklege endringar | 38 | 18.1 | Til endringa i straffeloven | 40 |
| | | | 18.2 | Til endringane i straffeprosess- loven | 40 |
| 17 | Administrative og økonomiske konsekvensar | 39 | 18.3 | Til endringane i straffegjennom- føringsloven | 40 |
| | | | 18.4 | Ikraftsetjing | 43 |
| 18 | Merknader til dei einskilde føresegnene | 40 | | Forslag til lov om endringar i straffe- gjennomføringsloven mv. | 44 |

Prop. 92 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i straffegjennomføringsloven mv.

*Tilråding fra Justis- og beredskapsdepartementet 22. mars 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

I proposisjonen gjer Justis- og beredskapsdepartementet framlegg om diverse endringar i straffeloven, straffeprosessloven og straffegjennomføringsloven. Framlegga er dels ledd i det laupande arbeidet med revisjon av lovverket for straffegjennomføring, men òg ledd i oppfølginga av St.meld. nr. 37 (2007-2008) Straff som virker – mindre kri-

minalitet – tryggere samfunn (kriminalomsorgsmelding).

Proposisjonen inneholder mellom anna framlegg om nye heimlar for direkte innsetjing i overgangsbustad og overføring mellom gjennomføringsformer. Einskilde føresegner er berre av språkleg art.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

Det laupande arbeidet med revisjon av lovverket om straffegjennomføring har vist behov for einskilde endringar i mellom anna straffegjennomføringsloven. Nokre endringar er òg etterspurde av kriminalomsorga sjølve. I tillegg innehold proposisjonen framlegg om endring av straffeloven § 54, ved at ei vising til straffeprosessloven § 243 vert teken inn. Dette framlegget gjeld konsekvens ved manglende frammøte til rettsmøte ved brot på vilkåra for narkotikaprogram med domstolskontroll. Dette lovframlegget har ikkje vore på høyring, da departementet meiner dette openbertyr ikkje er naudsynt.

Departementet vurderer laupande behovet for framlegg av ytterlegare proposisjonar for oppfølginga av St.meld. nr. 37 (2007-2008). Tidlegare proposisjonar i samband med oppfølginga av storingsmeldinga er Prop. 151 L (2009-2010) om behandling av personopplysninger i kriminalomsorgen, innsyn i benådningssaker mv., Prop. 82 LS (2010-2011) om overføring av domfelte mv. og vedtak om samtykke til inngåelse av avtale mellom Norge og Romania av 20. september 2010 om overføring av domfelte, og Prop. 93 L (2010-2011) om endringer i straffegjennomføringsloven mv. (bøtetjeneste som alternativ til fengsel hvis boten ikke betales).

2.1 Høyringsbrev av 16. januar 2012

Høyringsbrevet omfatta først og fremst framlegg om endring av einskilde føresegner i straffegjennomføringsloven, men òg eit par mindre endringar i straffeprosessloven. Departementet nyttar i samband med arbeidet med høyringsbrevet ei referansegruppe sett saman av representantar frå ulike nivå i kriminalomsorga.

Høyringsbrevet vart sendt på høyring 16. januar 2012. Følgjande instansar vart bedne om å uttala seg:

Finansdepartementet
Samferdselsdepartementet

Det kriminalitetsforebyggenderåd (KRÅD)
Domstoladministrasjonen

Kriminalomsorga si IT-teneste (KITT)
Kriminalomsorga sine regionkontor
Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS)
Politidirektoratet
Riksadvokaten
Statens sivilrettsforvaltning

Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen
Det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø
Høgskolen i Bodø
Høgskolen i Oslo
Høgskolen i Stavanger
Institutt for kriminologi og rettssosiologi

Akademikerne
Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Fellesorganisasjonen (FO)
For Fangers Pårørende (FFP)
Forsvarergruppen av 1977
Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (UNIO)
Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
Juss hjelpe i Nord-Norge
Juss-Buss
Kirkens bymisjon
Kriminalomsorgens Leder forbund
Kriminalomsorgens Yrkes forbund
LO Stat
Norsk Fengsels- og Friomsorgs forbund (NFF)
Norsk forening for kriminalreform (KROM)
Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Politijuristene
Politiets Felles forbund
Straffedes organisasjon i Norge (SON)
WayBack
Yrkesorganisasjonenes Sentral forbund (YS)

Følgjande instansar har uttala seg om realiteten i framlegget:
Samferdselsdepartementet

Kriminalomsorga region aust
Kriminalomsorga Østfold friomsorgskontor

Kriminalomsorga Bredtveit fengsel og
forvaringsanstalt
Kriminalomsorga Halden fengsel
Kriminalomsorga region sørvest
Kriminalomsorga Bergen fengsel
Kriminalomsorga senter for narkotikaprogram
med domstolskontroll, Oslo
Kriminalomsorga region nordaust
Kriminalomsorga Ullersmo fengsel
Kriminalomsorga Akershus friomsorgskontor
Kriminalomsorga Hedmark og Oppland
friomsorgskontor
Kriminalomsorga Hedmark fengsel
Kriminalomsorga Ila fengsel og forvaringsanstalt
Kriminalomsorga region sør
Kriminalomsorga Telemark fengsel Skien
avdeling
Kriminalomsorga Ringerike fengsel

Kriminalomsorga Drammen overgangsbustad
Politidirektoratet
Politiet si utlendingseining
Riksadvokaten
Den Norske Advokatforening
Fellesorganisasjonen
For Fangers Pårørende (FFP)
Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
JussBuss / Rettspolitisk forening
Norsk Fengsels- og Friomsorgsforbund (NFF)
Følgjande høringsinstansar har uttala at dei ikkje
vil gje fråsegn i saka, eller at dei ikkje har merknader til framleggjet:
Domstoladministrasjonen
Kriminalomsorga sitt utdanningssenter (KRUS)

3 Høve til å peike ut personundersøkarar

3.1 Gjeldande rett

Det følgjer av straffeprosessloven § 163 første ledd at det er «vedkommende lokale kontor for kriminalomsorg i frihet» som peikar ut ein skikka person til å gjennomføre personundersøking, om ikkje retten har oppnemnd ein særskild person til å utføre undersøkinga.

Vidare framgangsmåte ved avgjerd om personundersøking følgjer av påtaleinstruksen § 14-3. Uavhengig av om retten har peika ut ein særskild person til å foreta undersøkinga, skal avgjerda og kopi av dei naudsynte dokumenta sendast til «vedkommende lokale kontor for kriminalomsorg i frihet». Undersøkinga bør som hovudregel utførast ved «kontoret for kriminalomsorg i frihet» på staden der den sikta bur eller oppheld seg for eit lengre tidsrom. Nærmare reglar for utføring av personundersøking er gjevne i påtaleinstruksen kapittel 14.

3.2 Høyningsnotatet

Departementet meinte at det er ei upraktisk løysing at berre «det lokale kontor for kriminalomsorg i frihet» kan peike ut kven som skal utføre personundersøking. Det vart difor foreslått å endre straffeprosessloven § 163 første ledd, slik at kompetansen til å peike ut personundersøkarar vert lagd til kriminalomsorga. Dette vil innebere ei meir fleksibel nytting av ressursane. Nærmare om retten til å peike ut personundersøkarar, samt kven som skal utføre undersøkinga, vart foreslått regulert i forskrift.

3.3 Høyningsinstansane sitt syn

Av dei høyningsinstansane som har gjeve særskild fråsegn om dette framlegget, har *Kriminalomsorga region sør, region sørvest og region aust, samt Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt, Halden fengsel, Ringerike fengsel og Telemark fengsel avdeling Skien* uttala at dei støttar framlegget. Fleire av høyningsinstansane, mellom anna *Advokatforeningen*

gen, gjev uttrykk for at det viktigaste er at personundersøkarar har naudsynt kompetanse og kapasitet til å gjere eit godt arbeid.

Fellesorganisasjonen, Akershus friomsorgskontor og Hedmark og Oppland friomsorgskontor støttar ikkje framlegget. *Fellesorganisasjonen* meiner at ordninga i dag er både «effektiv, hensiktsmessig og praktisk». Fleire høyningsinstansar peikar på at sakshandsamarar ved friomsorgskontora har god sosialfagleg kompetanse, og *Fellesorganisasjonen* meiner at det er nettopp dei tilsette ved friomsorgskontora som har kompetanse og erfaring med alternativ straffegjennomføring. *Akershus friomsorgskontor* peikar på skilnaden mellom kven som bør ha høve til å peike ut undersøkarane og kven som er skikka til å gjennomføre vurderingane. Det vert peika på at òg friomsorga kan peike ut eksterne undersøkarar, medrekna tilsette i fengsel og overgangsbustad, dersom dette er formålstenleg.

Hedmark og Oppland friomsorgskontor meiner at formuleringa i lovframlegget vil kunne skape uvisse hos påtalemakta, og ynskjer at ordlyden vert endra til «vedkommende lokale kontor for friomsorgen».

Norsk fengsels- og friomsorgsforbund meiner at friomsorgskontora òg i framtida bør utføre arbeidet med personundersøkingar. Det vil likevel vere formålstenleg at kriminalomsorga «er med og fordeler sakene», slik at ein oppnår best mogleg nytting av ressursane, i tilfelle kor retten ikkje peikar ut ein personundersøkar.

Ostfold friomsorgskontor reiser spørsmål ved om framlegget vil innebere at oppdrag om å peike ut personundersøkarar vert fordelt til det lokale friomsorgskontor, eller om òg fengsel og eventuelt instansar utafor kriminalomsorga vil få oppdrag direkte frå regionkontoret.

3.4 Departementet si vurdering no

Departementet meiner, som fleire av høyningsinstansane, at det viktigaste er at ein personundersøkar har naudsynt kompetanse og kapasitet, slik at ein oppnår eit godt resultat av arbeidet. Depar-

tementet er vidare samd i at sakshandsamarar ved friomsorgskontora har god sosialfagleg kompetanse og erfaring med alternativ straffegjennomføring, som er sentralt i utarbeidninga av ei personundersøking. På bakgrunn av dette ser departementet det som tenleg at personundersøkingar òg i framtida primært skal utarbeidast av tilsette ved friomsorgskontora.

Ein vil likevel stå overfor situasjonar kor det vil vere formålstenleg, og innebere ei meir effektiv nytting av ressursane, om andre kompetente personar gjennomfører personundersøkinga. Dette kan til dømes vere tilfelle dersom det skal gjennomførast personundersøking av ein varetektsfengsla person, og det er lang geografisk avstand frå fengselet til friomsorgskontoret, samstundes

som det finst tilsette i fengselet som har kompetanse på utarbeiding av personundersøkingar. Det vil då vere ressurssparande om kriminalomsorga peikar ut det aktuelle fengselet framfor den siktasit lokale friomsorgskontor, til å gjennomføre personundersøkinga. Dette er òg betre i tråd med ynskjet om ein saumlaus kriminalomsorg.

Departementet foreslår difor at kriminalomsorga – og ikkje som i dag spesifisert til kriminalomsorga i fridom – skal peike ut personundersøkarar. Regionkontora vil kunne fange opp tilfelle kor det vil vere meir formålstenleg om andre enn det lokale friomsorgskontoret gjennomfører personundersøkinga. Departementet kan heller ikkje sjå at dette skulle vere problematisk for påtalemakta.

4 Høve til å avgjere at dom på fullføring av reststraff skal fullbyrdast

Etter *gjeldande rett* skal vedtak om fullføring av subsidiær fengselsstraff etter straffeloven § 28 b fyrste ledd bokstav a og fengselsstraff etter straffeloven § 54 nr. 2, treffast av regionalt nivå i kriminalomsorga. Dette følger av straffeprosessloven § 455 fyrste ledd fjerde setning, jf. straffegjennomføringsloven § 58 andre ledd.

Endringsframlegget gjeld, som peika på av fleire høyringsinstansar, straffeprosessloven § 455 fyrste ledd fjerde punktum, ikkje andre ledd tredje

punktum. Framlegget går ut på å leggje inn «reststraff etter prøveløslatelse etter straffegjennomføringsloven § 44» i ordlyden, da visinga til § 44 ved ein inkurie ikkje er teke med i lovforesegna. Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot framlegget. De partene ynskjer difor å endre lova i samsvar med framlegget, slik at også innsetjing for soning av reststraff vert avgjort av regionalt nivå i kriminalomsorga.

5 Tilgjenge til opplysingar om hemmeleg telefonnummer mv. som er underlagt teieplikt

5.1 Gjeldande rett

Ekomloven § 2-9 pålegg både tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett eller kommunikasjonsteneste, og personar som utfører arbeid eller teneste for ein slik tilbydar, teieplikt om bruk av elektronisk kommunikasjon. Teieplikta omfattar innhaldet i kommunikasjonen og andre personar sin bruk av elektronisk kommunikasjon. Omgrepet «bruk» omfattar alle sider av eit abonnement av elektronisk kommunikasjon. Dette medfører at mellom anna trafikkdata, lokaliseringsdata (opplysingar om tilknyting til ein basestasjon), tidspunkt for logging av og på Internett – eller e-postteneste, samt abonnement- og brukardata, er underlagt teieplikt.

Utlevering av opplysingar underlagt teieplikt krev heimel i lov. Teieplikta er etter ekomloven § 2-9 tredje ledd fyrste punktum ikkje til hinder for å gjeve opplysingar til politi eller påtalemakt om avtalebasert hemmeleg telefonnummer eller andre abonnementopplysingar, medrekna elektronisk kommunikasjonsadresse. Det er òg høve til å gjeve slike opplysingar ved vitnemål for retten, jf. tredje ledd andre punktum.

Andre offentlege myndigheiter enn politi og påtalemakt kan berre innhente opplysingar om lagra data frå tilbydarar dersom det finst lovheimel som gjer unntak frå teieplikta i § 2-9. Unntak frå teieplikta er gjort overfor einskilde myndigheiter i tolloven § 12-4 fyrste ledd, merverdiavgiftsloven § 16-3 og ligningsloven § 6-13a. Myndigheitene er gjeve høvet som ledd i deira lovpålagte kontrollfunksjon.

Det høvet desse myndigheitene har til å hente inn opplysingar underlagt teieplikt, er likevel i nokon grad avgrensa, samanlikna med det høvet som er gjeve politi og påtalemakt. Unntaksheimlane opnar for at kontrollmyndigheita kan pålegje tilbydarar av kommunikasjonstenester å levere ut opplysingar om namn og adresse til ein

abonnent som ikkje har offentleg telefon-, telefaks- eller personsökarnummer. Finansdepartementet drøfta i Ot.prp. nr. 21 (1999-2000) Endringer i skatteloven mv. om kontrollmyndigheita skulle få høve til å hente inn abonnement- og brukardata òg ved andre former for kommunikasjon, til dømes elektronisk kommunikasjonsadresse. Finansdepartementet kom fram til ikkje å gjere framlegg om ei slik endring.

Unntaksheimlane er grunngjevne i omsynet til dei lovpålagte kontrollloppgåvane dei ulike myndigheitene utfører. Det er eit vilkår for utlevering av opplysingane at særlege omsyn gjer det naudsynt, samt at det er mistanke om brot på føresegner gjevne i, eller i medhald av, høvesvis ligningsloven, merverdiavgiftsloven eller tolloven.

Tilsvarande unntaksheimel finst ikkje for kriminalomsorga, og kriminalomsorga har altså ikkje tilgjenge til opplysingar om hemmeleg telefonnummer mv.

Abonnentar som vel å inngå avtale om hemmeleg telefonnummer, har rimeleg grunn til å forvente at abonnementsopplysingar, medrekna telefonnummer, ikkje vert gjort kjende for andre. Retten til respekt for sitt privatliv og familieliv, heim og korrespondanse etter Den europeiske menneskerettskonvensjon artikkel 8 fyrste ledd, er derfor eit relevant moment ved vurderinga av spørsmål om tilgjenge til hemmeleg kontaktinformasjon.

Forbodet mot inngrep i retten til privatliv er ikkje absolutt, slik at det etter omstenda kan gjerast visse inngrep. Artikkel 8 andre ledd opnar for at inngrep kan rettferdigjera når inngrepa er

«i samsvar med loven og er nødvendig i et demokratisk samfunn av hensyn til den nasjonale sikkerhet, offentlige trygghet eller landets økonomiske velferd, for å forebygge uorden eller kriminalitet, for å beskytte helse eller moral, eller for å beskytte andres rettigheter og friheter».

5.2 Høyningsnotatet

Det går fram av høyningsnotatet at kriminalomsorga har behov for tilgjenge til opplysingar som er underlagte reglane om teieplikt ved bruk at elektronisk kommunikasjon ut frå behovet for effektive rutinar for å kalle domfelte inn til soning.

Ekomloven § 2-9 tredje ledd gjer unntak frå teieplikta, slik at ho ikkje er til hinder for at abonnementopplysingar, medrekna opplysingar om avtalebasert hemmeleg telefonnummer og elektronisk kommunikasjonsadresse, vert gjevne til politiet eller påtalemakta.

Kriminalomsorga overtok 1. april 2010 ansvaret for å kalle domfelte inn til soning. Oppgåva låg tidlegare hos politiet, og politiet hadde då høve til å nytte opplysingar underlagt teieplikt for å kome i kontakt med domfelte og kalle dei inn til soning. Departementet gjorde i høyningsnotatet framlegg om ein lovtekst som ville gjeve tilgjenge til «opplysnings om avtalebasert hemmelig telefonnummer eller andre abonnementsopplysninger, samt elektronisk kommunikasjonsadresse».

I samband med innkalling til soning er det ein svært viktig føresetnad at kriminalomsorga har tilgjenge til oppdatert kontaktinformasjon for å kunne utføre den lovpålagnede oppgåva. Som følgje av dette har kriminalomsorga per i dag tilgjenge til kontaktopplysingar i Folkeregisteret og NAV-registeret, samt Aa-registeret, som er eit dataregister over arbeidsforholda i Noreg, både på land og til sjøs. Arbeidet med innkalling av straffe-dømde til soning, gjev behov for at det overfor kriminalomsorga vert gjeve unntak frå teieplikta om hemmeleg telefonnummer mv.

Effektive rutinar for innkalling av straffe-dømde har stor verdi for å nytte soningskapasitten effektivt og planleggje framtidig soning best mogleg. Effektiv nytting av fengelsesplassar er svært viktig for å førebyggje ny soningskø, og for å handtere eit aukande behov for varetektsplassar.

Kriminalomsorga sitt behov for unntak frå teieplikta vart i høyningsbrevet først og fremst grunngjeve i omsynet til utføring av den lovpålagnede oppgåva med å kalle domfelte inn til soning av straff, men departementet uttala at det òg i andre samanhengar kan vere aktuelt å nytte seg av opplysingane.

Departementet gjorde vidare framlegg om justering av overskrifta i straffegjennomføringsloven § 7a, slik at ho gjeld opplyssingsplikt overfor kriminalomsorga generelt, og ikkje berre for offentlege myndigheter si del.

5.3 Høyningsinstansane sitt syn

Framlegg om unntak frå teieplikta i samband med innkalling til soning får støtte frå *Riksadvokaten*, *Politidirektoratet* og *dei ulike einingane i kriminalomsorga* som har gjeve fråsegn i høyringa. *Kriminalomsorga Hedmark fengsel* opplyser at det er tungvint å søke om tilgjenge til NAV-registeret for å kome i kontakt med domfelte. Fengselet oppmodar difor politiet om forkynning av 23,5 % av alle innkallingar til soning.

Advokatforeningen uttalar at dei ikkje kan slutte seg til framlegget, og reiser, som *Samferdselsdepartementet*, spørsmål ved om kriminalomsorga har behov for same unntak frå teieplikta som er gjort overfor politiet. Innvendinga gjeld særleg omgrepene «elektroniske kommunikasjonsadreser». *Advokatforeningen* syner til at teiebelagt informasjon uansett ikkje skal kommuniserast ved bruk av elektronisk kommunikasjon. På bakgrunn av den informasjonen om domfelte kriminalomsorga allereie har tilgjenge til, i form av offentlege register, dom, rettsbok og politidokument, meiner *Advokatforeningen* at framlegget om unntak frå teieplikta ikkje er godt nok grunngjeve.

Samferdselsdepartementet meiner at det ikkje er samsvar mellom kor inngrapande tiltaket er, og formålet med inngrepet. Høyningsinstansen saknar

«større grad av synliggjøring av vurderingene som er foretatt mot Den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK) artikkel 8 som er en naturlig skranke for vurderingen av taushetsplikten etter ekomloven § 2-9 og unntaket i bestemmelsens tredje ledd. Avveiningen mellom hensynet til privatlivet og hensynet til samfunnets behov for effektiv avvikling av soningskøer bør etter vårt syn i større grad synliggjøres».

Samferdselsdepartementet syner likevel til at retten til fri kommunikasjon ikkje er absolutt, og «ser at det kan foreligge gode grunner for at kriminalomsorgen skal kunne gis tilgang til avtalebasert hemmelig telefonnummer eller abonnementsopplysnings». Høyningsinstansen syner til at omsynet bak hemmeleg telefonnummer er at ein sjølve skal ha kontroll over kven som får tilgjenge til eiga privatliv, ikkje å unndra seg kontroll eller liknande frå offentlege myndigheter.

Når det gjeld førespurnaden Justisdepartementet la fram i samband med andre bruksom-

råde for opplysingane, har nokre høyringsinstansar gjeve uttale.

Straffegjennomføringsloven § 27 heimlar at kriminalomsorga kan kontrollere identiteten til innsette sine samtalepartnarar før ein telefonsamtale finn stad. *Kriminalomsorga region sør og Ringerike fengsel* meiner at det ville kunne vere formålstenleg å ha tilgjenge til opplysingar om hemmelege telefonnummer i samband med kontroll av innsette sin bruk av telefon. *Telemark fengsel avdeling Skien* peikar på at bruk av denne typen opplysingar vil kunne vere føremålstenleg til dømes ved funn av mobiltelefonar i fengselet, ved mistanke om at innsette har kommunisert ulovleg via Internett, eller dersom innsette har brote andre reglar for straffegjennomføringa. Fengselet syner til at ein i desse situasjonane må gjere ei avgrensing mot etterforskning, som skal overlatast til politiet.

Riksadvokaten meiner at kriminalomsorga, som ein sentral aktør i straffesakskjeda, bør ha tilgjenge til denne typen opplysingar, òg i andre situasjonar enn ved innkalling til soning. Dette kan til dømes vere dersom ein innsett ikkje kjem attende til fengselet etter permisjon, eller ved rømming frå fengselet. Riksadvokaten peikar på at det bør gå fram av lova kva for formål som vil kunne gjeve tilgjenge til opplysingane.

Politidirektoratet stiller seg òg positivt til framlegget, og meiner at tilgjenge til opplysingane vil kunne få verdi til dømes ved vurdering av ro, orden og tryggleik, medrekna trusselvurderingar.

5.4 Departementet si vurdering no

Politiet og påtalemakta har, etter ekomloven § 2-9 fyrste ledd tredje punktum, tilgjenge til avtalebasert hemmeleg telefonnummer og andre abonnementopplysingar, medrekna elektronisk kommunikasjonsadresse. Unntaket frå teieplikta er ikkje avgrensa til arbeid med etterforskning av straffesaker, jf. Ot.prp. nr. 31 (1997-1998). Denne typen opplysingar kunne dermed nyttast av politiet i samband med innkalling av straffedømde til soning, før denne oppgåva ved lov vart overført frå politiet til kriminalomsorga.

Einskilde andre myndigheiter har òg, på særskilde vilkår, tilgjenge til denne typen opplysingar med heimel i merverdiavgiftsloven § 16-3, tolloven § 12-4 og ligningsloven § 6-13A. Desse unntaksheimlane er grunngjevne i kontrollomstsyn, og dei er eit middel for å fremje varetaking av myndigheitene sine lovpålagte kontolloppgåver.

Høvet til å ha hemmeleg telefonnummer mv. er grunngjeve i omsynet til sjølve å ha kontroll over sitt eige privatliv og sine kontaktopplysingar. Ynske om å kontrollere kven som har tilgjenge til opplysingane er likevel ikkje tungtvegande i alle samanhengar. Høvet til å ha hemmeleg kontaktinformasjon bør ikkje kunne nyttast som eit middel for å unndra seg fullbyrding av straff. Det er, til samanlikning, i Ot.prp. nr. 21 (1999-2000) Endringer i skatteloven mv., framheva at omsynet bak høvet til å ha hemmeleg telefonnummer ikkje er «at personer skal kunne unndra seg offentlige myndigheters kontroll». Kontolloppgåver etter merverdiavgiftsloven, tolloven og ligningsloven kan på fleire måtar samanliknast med arbeidet med å kalle domfelte inn til soning. Desse typane oppgåver er til dømes pålagt etatane med heimel i lov, samstundes som dei er ein grunnleggande føresetnad for dei ulike etatane si verksemد.

Advokatforeningen og *Samferdselsdepartementet* stilte i høyringsfråsegna spørsmål ved kriminalomsorga sitt behov for tilgjenge til «elektronisk kommunikasjonsadresse». Departementet er samd i at omgrepet «elektronisk kommunikasjonsadresse» er vidt. Uttrykket omfattar òg kommunikasjon på Internett, og ordlyden er dermed meir omfattande enn kva som er naudsynt, da kriminalomsorga sitt behov er avgrensa til å gjelde domfelte sin adresse og vedkomande sitt telefonnummer.

Departementet ynskjer på bakgrunn av dette ein noko snevrare ordlyd, som av omsyn til personvernet ikkje er meir omfattande enn kva som er naudsynt for varetaking av formålet med føresagna. Departementet ynskjer difor ikkje å ta med uttrykket «elektronisk kommunikasjonsadresse» i lovframlegget, og heimelen vil etter dette omfatte «avtalebasert hemmelig telefonnummer eller andre abonnementopplysninger». Å utelate «elektroniske kommunikasjonsadresser» frå ordlyden vil ikkje vere til hinder for seinare å vurdere bruk av e-post ved innkalling til soning.

Departementet bad i høyringsnotatet om innspel på om det er andre bruksområde for opplysingane innanfor kriminalomsorga si verksemد. Einskilde høyringsinstansar meinte at opplysingar om hemmeleg telefonnummer mv. kan nyttast i samband med til dømes kontroll av innsette sin bruk av telefon og ved funn av mobiltelefonar i fengsel.

Departementet meiner at bruken av opplysingane på noverande tidspunkt bør avgrensast til arbeid med innkalling av straffedømde til soning, og går derfor ikkje vidare med framlegget om bruk av opplysingane i andre samanhengar.

Departementet kjem eventuelt tilbake til ei ny vurdering av problemstillinga dersom det skulle vise seg at opplysingane bør nyttast på fleire område.

Abonnementar som vel å inngå avtale om hemmeleg telefonnummer har rimeleg grunn til å forvente at abonnementopplysingar er underlagt teieplikt og ikkje vert gjort kjende for andre. Lovframlegget om å gjeve kriminalomsorga tilgjenge til hemmeleg kontaktinformasjon inneber difor i utgangspunktet eit inngrep i retten til privatliv etter EMK artikkel 8. Lovframlegget må difor oppfylle vilkåra i artikkel 8 andre ledd for å kunne legitimeraast, noko som inneber eit krav til heimelen, at inngrepet er grunngjeve i eit eller fleire særskilde formål og at inngrepet er naudsynt i eit demokratisk samfunn.

EMK artikkel 8 krev at inngrepet er «i samsvar med loven». Det sentrale er at heimelen er tilstrekkeleg tilgjengeleg og klårt formulert, slik at innbyggjarane har rimeleg moglegheit til å føresjå rettsstillinga si. Heimel for unntak frå teieplikta vil gå fram av straffegjennomføringsloven, altså formell lov, slik at kravet om heimel vert oppfylt.

Legitime inngrep i privatlivet må etter EMK artikkel 8 vere grunngjevne i eit relevant formål. Kriminalomsorga sitt behov for tilgjenge til opplysingane er grunngjeve i omsynet til effektivitet i arbeidet med innkalling av domfelte til soning. Å kalle domfelte inn til soning er ei lovpålagt oppgåve, som er nært knytt til det å «forebygge uorden eller kriminalitet». Effektiv innkalling til, og gjennomføring av, idømd straff er naudsynt for å vareta dei preventive omsyna bak straffa. Effektive rutinar for innkalling av straffedømde til soning vil også ha verdi i arbeidet med å forebyggje soningskø.

Innkalling av straffedømde til soning er difor ei viktig oppgåve i straffesakskjeda. Effektivitet i arbeidet må difor, etter departementet si meining, reknast for eit legitimt omsyn i relasjon til EMK artikkel 8.

Kravet om at inngrepet må vere «nødvendig i et demokratisk samfunn» inneber eit krav om høveleg samsvar mellom mål og middel. Abonnementen si forventing om at kontaktopplysingane ikkje vert formidla vidare frå tenestetilbydar, må vegast opp mot kriminalomsorga sitt behov for tilgjenge til opplysingane. Den europeiske menneskerettsdomstol (EMD) krev i sin praksis ikkje at inngrepet er uunnverleg for at det kan legitimate-

rast. Samstundes vil det heller ikkje vere tilstrekkeleg for å legitimere inngrep at tiltaket berre er ynskjeleg eller nyttig. Ein må difor gjere ei konkret vurdering av om inngrepet er grunngjeve i «a pressing social need», og dei ulike omsyna må balanserast mot kvarandre.

Forutan at soningskø inneber administrative utfordringar for kriminalomsorga, vil soningskø også ha ueheldige verknader i samfunnssamanhang og for den enkelte dømde som ventar på å sone straffa si. Soningskø svekkar den preventive verknaden av straff. Når domfelte som ventar på soning av straff gjer nye kriminelle handlingar, vil ein dessutan oppleve svekka tillit til straffesystemet og kriminalpolitikken. Førebygging av soningskø har difor nær samanheng med varetakinga av formåla bak straffa.

Kva for type inngrep det konkrete tiltaket inneber, og kva for mekanismar ein har for varetaking av rettstryggleiken, vil vere sentrale moment i vurderinga. Departementet meiner det i denne samanhengen er relevant kva for rutinar ein har for handsaming og bruk av kontaktinformasjon underlagt teieplikt. Vidare vil også styring og avgrensing av kven i kriminalomsorga som har tilgjenge til opplysingane, vere relevant. Departementet syner i den samanheng til at personopplysingane vil verte handsama av tilsette med teieplikt, og at handsaminga vil skje i samsvar med det nye kapittel 1a i straffegjennomføringsloven. Det vil også verte gjeve forskrift og retningslinjer som vil gjeve klåre føringar for kriminalomsorga si handsaming av personopplysingar.

Effektiv innkalling til og gjennomføring av fengselsstraff er viktig, både praktisk og kriminalpolitisk. Førebygging av soningskø er også viktig for at straffa skal ha sin preventive effekt. Departementet meiner at omsynet til privatlivet i denne samanhengen må ha mindre vekt, da dette området ikkje er i kjerna av kva for omsyn hemmeleg kontaktinformasjon er meint å vareta. Departementet meiner etter dette at lovframlegget om tilgjenge til opplysingane er i samsvar med EMK artikkel 8, og går inn for at lovframlegget vert teke inn i straffegjennomføringsloven § 7a. Departementet ynskjer vidare å endre overskrifta i føresegna til «Opplysningsplikt overfor kriminalomslagen», da dette samsvarar betre med innhaldet i føresegna.

6 Utvida bruk av overgangsbustad

6.1 Gjeldande rett

Hovudregelen ved innsetjing i fengsel er at kriminalomsorga skal setje domfelte direkte inn i fengsel med høgt tryggleiksnivå, jf. straffegjennomføringsloven § 11 fyrste ledd. Dersom det er idømd fengselsstraff på inntil 2 år, skal kriminalomsorga vurdere om domfelte kan setjast direkte inn i fengsel med lågare tryggleiksnivå. Slik innsetjing skal ikkje finne stad dersom formålet med straffa eller omsynet til tryggleiken talar mot det, eller dersom det er grunn til å anta at domfelte vil unndra seg straffegjennomføringa. I særlege tilfelle kan domfelte setjast direkte inn i fengsel med lågare tryggleiksnivå.

Når delar av straffa er gjennomført, kan innsette overførast frå fengsel med høgt eller lågare tryggleiksnivå til fortsatt straffegjennomføring i overgangsbustad etter § 15 tredje ledd. Overføring skal ikkje finne stad dersom formålet med straffa eller omsynet til tryggleiken talar mot det, eller dersom det er grunn til å anta at innsette vil unndra seg straffegjennomføringa.

Dersom den domfelte er under 18 år, skal kriminalomsorga alltid vurdere innsetjing i fengsel med lågare tryggleiksnivå eller overgangsbustad etter § 11 femte ledd.

6.2 Høyningsnotatet

Departementet uttala i St.meld. nr. 37 (2007-2008) Straff som virker at fleire domfelte skal gjennomføre straff i fengsel med lågare tryggleiksnivå. I høyningsnotatet drøfta departementet den rolla overgangsbustader har som eit viktig alternativ for soning av straff ved lågare tryggleiksnivå. Soning i overgangsbustad er særleg formålstenleg for innsette som er sysselsette ved frigang til skule eller arbeid.

I overgangsbustadene står normalitetsprinsippet, butrenning og sosiale eigenskapar sentralt. Levekårundersøkingar indikerer at mange innsette, også dei som er idømde kortare fengselsstraff, har behov for nettopp butrenning.

Overgangsbustader vert òg rekna for eit godt eigna soningstilbod for unge innsette. Departementet peikar i høyningsnotatet på samanhengen med Prop. 135 L (2010-2011) om endringer i strafeloven, straffeprosessloven, konfliktrådsloven m.fl. (barn og straff), om plikt til å vurdere soning i fengsel med lågare tryggleiksnivå eller innsetjing i overgangsbustad når domfelte er under 18 år, uavhengig av kor lang straff som er idømd.

Departementet uttala på bakgrunn av dette at det er ynskjeleg med eit betydeleg utvida høve til bruk av overgangsbustadar. Stortinget var òg positiv til meir bruk av overgangsbustader ved behandlinga av St.meld. nr. 37 (2007-2008).

Departementet kom på bakgrunn av dette med framlegg om å lovfeste høve til direkte innsetjing i overgangsbustad i tilfelle kor det er idømd fengselsstraff på inntil 1 år. Ved deldommar reknar ein ut frå den vilkårlause delen av straffa. Departementet foreslo at direkte innsetjing i overgangsbustad ikkje skal finne stad dersom formålet med straffa eller omsynet til tryggleiken talar mot det, eller dersom det er grunn til å anta at domfelte vil unndra seg straffegjennomføringa. Det vart òg gjort framlegg om endring av overskrifta i føresegna, slik at overgangsbustad vert nemnt i tillegg til fengsel.

Departementet foreslo vidare i høyningsnotatet at Sentralforvaltninga for kriminalomsorga skal gjeve nærmare reglar for direkte innsetjing i overgangsbustad.

6.3 Høyningsinstansane sitt syn

Dei fleste høyningsinstansane stiller seg positive til framlegget om direkte innsetjing i overgangsbustad. Fleire høyningsinstansar meiner òg at ordninga bør utvidast ytterlegare samanlikna med departementet sitt framlegg. *Advokatforeningen* meiner til dømes at direkte innsetjing i overgangsbustad bør kunne finne stad dersom det er idømd inntil 2 år fengselsstraff.

Fleire høyningsinstansar syner til fordeler ved ein slik moglegheit. Ved høve til direkte innsetjing i overgangsbustad, vil kriminalomsorga i

større grad kunne vareta individuelle behov hos dei domfelte, samstundes som det òg vil vere lettare å vareta familierelasjonar og omsynet til dei pårørande under soninga. Direkte innsetjing i overgangsbustad vil òg gjere det mogleg at fleire domfelte held kontakt med skule eller arbeidsgjevar samstundes som dei gjennomfører straffa. I samband med dette har fleire av høyingsinstansane peika på at direkte innsetjing i overgangsbustad krev nye reglar om frigang frå fyrste dag.

Nokre høyingsinstansar er skeptiske eller stiller seg negative til framlegget. Frå *Riksadvokaten*, *Kriminalomsorga region nordaust* og *region aust* si side vert det peika på at framlegget har konsekvensar for praktiseringa av progresjon i soninga og moglegeita for å sluse domfelte ut i samfunnet etter eit lengre opphold i fengsel. Dei syner til den grunnleggjande tanken bak overgangsbustadane, og at ein endra bruk av desse vil ta plassane frå langtidssonarane. *Kriminalomsorga region aust* meiner det er uheldig å plassere domfelte som startar soning, saman med langtidszonarar som er i ein heilt annan prosess.

Riksadvokaten meiner at forslaget går lengre enn det som er omtala i St.meld. nr. 37 (2007-2008) Straff som virker, og at det til dels òg inneber noko anna. Riksadvokaten meiner òg at slik bruk av overgangsbustadane bryt med dei grunnleggjande prinsippa bak straffa og dei preventive omsyna. Riksadvokaten oppmodar om at dei preventive omsyna må vere ei reell avgrensing, slik at desse omsyna etter omstenda kan vere til hinder for direkte innsetjing i overgangsbustad.

Fleire av høyingsinstansane, medrekna mellom anna *Riksadvokaten* og *Kriminalomsorga region aust*, peikar på utfordringar knytt til varetaking av innsette i overgangsbustadane. Desse høyingsinstansane understreker at tryggleik må vere fyrsteprioritet, og reiser spørsmål ved om kriminalomsorga vil ha eit for spinkelt grunnlag for å gjere forsvarlege vurderingar av tryggleiken. *Hedmark fengsel* gjev fråsegn om at dei innsette i overgangsbustader bør rekrutterast frå fengsel med lågare tryggleksnivå, fordi det ifølgje fengselet «kan være vanskelig å vurdere om domfelte er egnet ved en direkte innsettelse i overgangsbolig».

Sjølv om *Kriminalomsorga region aust* primært ikkje støttar framlegget, ser regionen behovet for ordninga unntaksvis. Regionen stiller likevel spørsmål ved kven som skal ha kompetanse til å ta avgjerd om direkte innsetjing i overgangsbustad, og om avgjerda vil vere eit enkeltvedtak. Vidare meiner regionen at det må gå fram av ordlyden i

føresegna at det ved deldom er den vilkårslause delen av straffa som er avgjerande ved avgrensing etter lengde på straffa.

Riksadvokaten er skeptisk til framlegget og meiner at det vil få vidtrekkande konsekvensar, ut frå gjeldande praksis for straffutmåling. Riksadvokaten presiserer at dette standpunktet ikkje gjeld bruk av direkte innsetjing i overgangsbustad overfor born, da dette er grunngjeve i andre omsyn.

6.4 Departementet si vurdering no

Departementet ynskjer å auke bruken av straffegjennomføring i fengsel med lågare tryggleksnivå. Høve til direkte innsetjing i overgangsbustad vil skape ytterlegare moglegeita for at domfelte kan gjennomføre straff i fengsel med lågare tryggleksnivå, i tråd med prinsippa i St.meld. nr. 37 (2007-2008) Straff som virker. Departementet vidarefører difor framlegget i høyingsnotatet om at føresegna om direkte innsetjing i overgangsbustad vert teke inn i straffegjennomføringsloven § 11.

Hovudregelen for innsetjing i fengsel vil likevel framleis vere at domfelte vert set inn i fengsel med høgt tryggleksnivå, etter straffegjennomføringsloven § 11 fyrste ledd. Ved fengselsstraffar på inntil 2 år, skal kriminalomsorga vurdere om domfelte kan setjast direkte inn i fengsel med lågare tryggleksnivå. Lovframlegget må òg sjåast i samanheng med at kriminalomsorga etter § 11 siste ledd er pålagt å vurdere soning i fengsel med lågare tryggleksnivå eller overgangsbustad når domfelte er under 18 år, uavhengig av kor lang straff som er idømd.

Normalitetsprinsippet er sentralt under soning i overgangsbustad. Dei innsette får moglegheit til butrenin, utvikling av sosiale eigenskapar og varetaking av forholdet til familie og pårørande, samstundes som dei er under straffegjennomføring og må rette seg etter dei rammer kriminalomsorga set for soninga. Soning i overgangsbustad gjev òg betre moglegeita for å oppretthalde kontakt med anna sosialt nettverk, som skule og arbeidsplass, under soninga.

Departementet er samd med fleire av høyingsinstansane i at ordninga føreset at det raskt etter innsetjinga vert etablert eit aktivitetstilbod til dei innsette. Det er difor viktig at einingane legg forholda til rette for at aktivitetstilbod, medrekna frigang, kan setjast i verk så snart som mogleg etter direkte innsetjing i overgangsbustad.

Overgangsbustadene representerer i dag eit viktig soningsalternativ for langtidssonarar når

dei skal førast attende til samfunnet. Nokre av høyingsinstansane er uroa for kva for verknad framlegget vil ha for langtidssonarar og deira moglegheit til progresjon i straffegjennomføringa. Departementet meiner at høvet til direkte innsetjing i overgangsbustad vil opne opp for større moglegheiter til individuell tilpassing av straffegjennomføringa i samsvar med domfelte sine behov, og at overgangsbustadane difor bør få eit større bruksområde. Når det gjeld fordelinga av soningsplassar mellom høvesvis langtidssonarar og domfelte som kan starte soninga i overgangsbustad, vil departementet peike på at det i dag er god kapasitet ved fleire av overgangsbustadane. Vidare er det òg slik at framlegget inneber eit høve til å sette domfelte direkte inn i overgangsbustad, ikkje ein rett. Kriminalomsorga vil dermed kunne velje ut dei domfelte med størst behov for soning i overgangsbustad, uavhengig av om vedkomande er langtidssonar eller er idømd ei kortare straff.

Einskilde høyingsinstansar uroar seg for at langtidssonarar og domfelte som er idømd kortare straff, som er i ulike fasar i soninga, skal sone saman i overgangsbustad. Kriminalomsorga vil, i samband med val av passande kandidatar for direkte innsetjing i overgangsbustad, foreta ei vurdering av om domfelte synest å vere eigna for slik straffegjennomføring. I denne vurderinga vil kriminalomsorga legge avgjerande vekt på tryggleik, og innsetjinga i overgangsbustad føreset at det vert rekna som forsvarleg. Vidare vil kriminalomsorga mellom anna leggje vekt på korleis ein tenkjer seg at den domfelte vil fungere i overgangsbustaden, og i denne vurderinga vil òg omsynet til fangesamansetjinga vere relevant.

Riksadvokaten meiner at ordninga vil få for vidtrekkande konsekvensar, med tanke på gjeldande praksis for straffutmåling. Andre høyingsinstansar har derimot bede om at ein utvidar ordninga ytterlegare, slik at òg domfelte med lengre straffar kan starte soninga i overgangsbustad.

Departementet ynskjer at ordninga skal gjelde for domfelte med vilkårslaus fengselsstraff av inn til 1 år. Dersom domfelte ved deldom er idømd ei fengselsstraff av til dømes 1 år og 6 månader, kor 1 år er gjort vilkårslauast, er det den vilkårslause delen av straffa som er avgjerande i denne samanhengen.

Departementet meiner at ein ved å setje grensa ved 1 år vilkårslaus fengselsstraff avgrennar ordninga slik at dei tyngste og mest alvorlege straffedommene ikkje vert omfatta. I tillegg til

dette må omsynet til tryggleik vurderast konkret og individuelt i kvart tilfelle. Tryggleiken rundt direkte innsetjing i overgangsbustad må vurderast nøyne før ei eventuell innsetjing finn stad.

Det er reist spørsmål ved kva for grunnlag kriminalomsorga har for å plukke ut kandidatar for direkte innsetjing i overgangsbustad før domfelte har starta soninga, både med omsyn til tryggleik og om domfelte er eigna. Ved vurdering av om direkte innsetjing i overgangsbustad kan vere aktuelt, vil kriminalomsorga ha eit spinkleare vurderingsgrunnlag enn i dei tilfella kor overgangsbustad vert nyttा som eit soningsalternativ etter eit lengre opphold i fengsel. Departementet meiner likevel at kriminalomsorga ved hjelp av mellom anna personalia, dom og eventuell historikk frå tidlegare straffegjennomføring, samt på bakgrunn av eventuell direkte kontakt med den domfelte, vil gjere ei forsvarleg vurdering av tryggleiken og om vedkomande er eigna for direkte innsetjing i overgangsbustad. I dei tilfella kor det ligg føre ei personundersøking etter straffeprosessloven kapittel 13, vil òg denne kunne gjeve verdfull informasjon til vurderinga. Dersom domfelte til dømes er ung, i ein utdanningssituasjon eller har helsemessige problem som vil gjøre soning i fengsel vanskeleg, kan det vere ein indikasjon på at direkte innsetjing i overgangsbustad vil vere formålstenleg for både straffegjennomføringa og den domfelte si vidare utvikling.

I tillegg til vurderinga som vert gjort før ei eventuell innsetjing i overgangsbustad, vil kriminalomsorga foreta ei kontinuerleg vurdering av tryggleiken underveis i straffegjennomføringa. Dersom det er «nødvendig for å opprettholde ro, orden og sikkerhet i fengslet», vert den innsette overført til fengsel med høgare tryggleksnivå etter straffegjennomføringsloven § 14 første ledd bokstav d.

Fleire av høyingsinstansane er opptekne av kven som skal ta avgjørda om direkte innsetjing i overgangsbustad, og kva for form avgjørda skal ha. Det er regionalt nivå i kriminalomsorga som tar avgjerd om innsetting i fengsel etter straffegjennomføringsloven § 6 andre ledd jf. § 11. Det følger vidare av straffegjennomføringsloven § 7 bokstav f at det ikkje er høve til å klage over avgjerd om innsetjing i fengsel etter § 11. Desse alminnelege reglane kjem òg til å gjelde for avgjerd om direkte innsetjing i overgangsbustad.

Nærmore føresegner om ordninga, medrekna utveljing av kandidatar og organisering av aktivitetstilbod, vert gjevne i forskrift og retningslinjer.

7 Overføring mellom gjennomføringsformer

7.1 Innleiing

I høringsnotatet gjorde departementet greie for dei ulike heimlane for tvungen overføring av innsette til anna fengsel. Heimlane finst i § 14 første ledd.

«Kriminalomsorgen kan overføre innsatte til et annet fengsel dersom

- det er sannsynlig at innsatte har begått eller vil begå en straffbar handling,
- det er grunn til å anta at innsatte vil unndra seg gjennomføringen,
- innsatte til tross for skriftlig advarsel har særlig negativ innflytelse på miljøet i fengslet,
- overføring er nødvendig for å opprettholde ro, orden og sikkerhet i fengslet, eller
- bygningsmessige eller bemanningsmessige forhold eller plassmangel gjør det nødvendig.»

Overføring i samsvar med bokstavane a, b og c er grunngjeve i omstende innsette kan lastast for, medan overføring med heimel i bokstav e er grunngjeve i behov i kriminalomsorga. Overføring med heimel i bokstav d kan vere grunngjeve i omstende knytt til både den innsette og kriminalomsorga.

Innsette skal etter § 14 sjuande ledd ikkje overførast til meir restriktive fengsel enn kva som er naudsynt. Overføringa kan likevel skje på tvers av regionane, og til meir, same eller mindre restriktive soningsregime.

Framlegga om endring av § 14 har sin bakgrunn i forslag frå kriminalomsorga. Det er gjort framlegg om endring av reglane for overføring ved «særlig negativ innflytelse på miljøet i fengslet», samt av omsyn til tilsette, av omsyn til fangesamansettinga og for å vareta innsette sine behov.

7.2 Særleg negativ innverknad på miljøet

7.2.1 Gjeldande rett

Kriminalomsorga kan i dag overføre innsette til anna fengsel etter § 14 første ledd bokstav c «hvis innsatte til tross for skriftlig advarsel har særlig negativ innflytelse på miljøet i fengslet». Formålet med føresegna er at dei innsette vert merksame på uynskt åferd, og samstundes vert åvara om kva for konsekvensar det kan få om åferda ikkje vert endra.

Det er eit vilkår for overføring at innsette trasar ei skriftleg åtvaring. Lova presiserer ikkje kva som utgjer «skriftlig advarsel» og kva for reglar som gjeld for sakshandsaminga. Det er vidare uklårt om ei skriftleg åtvaring er eit enkeltvedtak, etter forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav b, og dermed gjenstand for klage.

7.2.2 Høringsnotatet

Departementet gav i høringsnotatet uttrykk for å vere kjend med at føresegna vert praktisert ulikt. Nokre einingar i kriminalomsorga praktiserer til dømes føresegna slik at dei innsette ikkje får uttale seg før åtvaringa, og dermed ikkje har moglegheit til å tilbakevise påstanden før ei eventuell overføring til anna fengsel. Ein slik praksis står i kontrast til framgangsmåten ved brot som kan medføre reaksjon etter § 40, kor innsette har rett til å uttale seg før fengselet eventuelt ilegg reaksjon.

Departementet meinte difor at omsynet til rettstryggleik og likebehandling tilsa at føresegna burde endrast, og la i høringsnotatet fram to alternative formuleringar.

Alternativ 1

Alternativ 1 går ut på at uttrykket «skriftlig advarsel» i § 14 første ledd bokstav c endrast til «skriftlig irtettesettelse», etter mønster av § 40 andre ledd bokstav a, om reaksjon på brot.

Alternativet legg opp til at irettesetting er eit enkeltvedtak, slik at sakshandsaminga vil følgje dei same reglane som ved brot. Innsette skal dermed få høve til å uttale seg i eit avhøyr, og det vert skriven rapport etter avhøyret før vedtak vert fatta, slik det følgjer av forskrift til straffegjennomføringsloven § 3-38 fyrste ledd.

På den andre sida vert ei skriftleg irettesetting rekna som meir alvorleg enn skriftleg åtvaring. Den uynske åferda treng likevel ikkje å kvalifisera til reaksjon for at overføring i samsvar med § 14 fyrste ledd bokstav c kan verte aktuelt.

Alternativ 2

Alternativ 2 inneber at «skriftlig advarsel» vert fjerna frå lovteksta. Vilkåret i lova vert erstattat av retningslinjer frå Sentralforvaltninga for kriminalomsorga, kor det vert presisert at fengselet må forsøkje andre tiltak for å korrigere uynskt åferd før overføring er aktuelt. For at innsette skal kunne overførast mot si vilje, vil det kunne krevjast at kriminalomsorga har gjennomført åferdsamtale og inngått åferdsavtale med den innsette, eventuelt at dette er forsøkt eller er funne openbert nyttaust.

Åferdssamtala skal gjeve innsette informasjon om kvifor åferda vert oppfatta som negativ. I åferdsavtala vert det etablert klare «køyreglar» for korleis åferda skal vere for at innsette kan unngå overføring til anna fengsel. Det er ikkje alltid at innsette sjølv er merksame på deira negative innverknad på miljøet. Åferdssamtale og -avtale kan difor vere nyttige korrektiv for endring av åferd.

7.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

Fleire av høyringsinstansane har teke stilling til om dei meiner alternativ 1 eller alternativ 2 er den beste løysinga.

Fire av desse høyringsinstansane ynskjer at «skriftlig advarsel» vert byta ut med «skriftlig iretsettelse» i samsvar med alternativ 1.

Ti av høyringsinstansane meiner at alternativ 2 er best eigna. Desse høyringsinstansane ynskjer at ein fjernar uttrykket «skriftlig advarsel» frå ordlyden, og at det vert etablert alternative tiltak. Fleire av høyringsinstansane innafor kriminalomsorga opplyser at dei òg i dag praktiserer åferdsamtale og åferdsavtale med dei innsette.

Advokatforeningen, Juss-Buss, Ullersmo fengsel og *Hedmark fengsel* meiner at alternativ 1, med dei formelle rettssikkerheitsgarantiane som ligg i eit enkeltvedtak, er den beste løysinga. Forma

enkeltvedtak set krav til grunngjevinga for åtvaringa, og den innsette har rett til å klage på vedtaket. Departementet peika i høyringsnotatet på at skriftleg irettesetting er rekna som meir alvorleg enn skriftleg åtvaring. Dette er likevel, etter *Advokatforeningen* sitt syn, ikkje tilstrekkeleg til å gå bort frå alternativ 1, då tvungen overføring til anna avdeling berre bør skje når det ligg føre eit sterkt behov, og det har vore ein prosess kor rettstryggleiken er varetaken.

Eit klårt fleirtal av høyringsinstansane ynskjer ei endring i samsvar med det framlagte alternativ 2. Dei støttar at vilkåret «skriftlig advarsel» vert fjerna frå lovteksten, og at kriminalomsorga heller skal gjennomføre andre tiltak, mellom anna åtferdssamtale og åtferdsavtale, med sikte på å endre den innsette si åferd før ei tvungen overføring kan finne stad. Fleirtalet av høyringsinstansane legg avgjerande vekt på at omsynet bak krava i § 14 fyrste ledd bokstav a er at innsette vert gjort merksame på deira problematiske åferd, samstundes med at dei får ei tydeleg åtvaring om kva konsekvensane vert dersom dei ikkje endrar åferda. *Kriminalomsorga region sør* uttalar at «Det er dermed et poeng at man kan gå inn og justere aferden før den blir så alvorlig at den kvalifiserer for reaksjon etter straffegjennomføringsloven § 40».

Akershus friomsorgskontor meiner at ei skriftleg avtale mellom kriminalomsorga og den innsette i større grad vil sikre likebehandling enn ordninga i dag.

Einskilde høyringsinstansar gjer framlegg om ein kombinasjon av dei to alternativa, slik at ein praktiserer både åtferdssamtaler og eventuelt skriftleg irettesetting. *Telemark fengsel avdeling Skien* og *JussBuss* ynskjer først og fremst bruk av åtferdssamtale og -avtale, men likevel òg ein moglegheit for å til skriftleg åtvaring, med dei fordelar for rettstryggleiken ei slik ordning har.

7.2.4 Departementet si vurdering no

Fleire av høyringsinstansane har, som departementet, framheva at alternativ 1 sikrar rettstryggleiken. Forma enkeltvedtak fører til dømes med seg krav om førebels varsling etter forvaltningsloven § 16, og at vedtak skal grunngjevest i samsvar med forvaltningsloven § 24. Alternativ 1 krev samstundes at det skal vere grunnlag for å illegge reaksjon for brot i straffegjennomføringa før overføring kan finne stad.

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane ynskjer likevel at lova vert endra i tråd med alternativ 2.

Omsynet bak uttrykket «skriftlig advarsel» i § 14 første ledd bokstav c er at innsette skal gjera rast merksame på at vedkomande har ein særleg negativ påverknad på miljøet i avdelinga, og kva for konsekvensar det vil få, om vedkomande ikkje endrar åtferd. Den innsette vil da sjølv få moglegheit til å ta eit val om å justere åtferda. Departementet ser det som ein fordel å oppmuntre til korrigering og justering av dei innsette si åtferd, før det er grunnlag for å konstatere brot og gjeve ein formell reaksjon i samsvar med § 40. Departementet ynskjer på bakgrunn av dette å leggje inn eit vilkår om at «adferdssamtale» skal vere gjennomført før overføring kan finne stad med heimel i denne føresegna.

Departementet er av den oppfatning at innsette sin rettstryggleik vert godt vareteken ved val av denne framgangsmåten. På bakgrunn av at tvungen overføring er eit inngripande tiltak, er det naturleg at den uynskte åtferda er av eit visst alvor før overføring vert aktuelt. Dette er vareteke av uttrykket «nødvendig» i føresegna. Vidare vil innsette kunne klage på vedtak om høvesvis tvungen overføring etter § 14 og reaksjon på brot etter § 40, dersom åtferda, etter fengselet si vurdering visar seg å krevje slike tiltak.

I samband med innsette sin rettstryggleik er det òg sentralt at innsette i ei åtferdssamtale vert gjort merksame på kva for åtferd dei må utvise, og kva dei sjølve må gjere, for ikkje å verte overførte til anna fengsel. Åtferdssamtala vil kunne stimulere til auka kontakt og forståing mellom den innsette og dei tilsette i fengselet. Samstundes vil «køyrreregler» for åtferda kunne gå tydeleg fram i ei skriftleg åtferdsavtale dersom dette er formålstilnært. Gjennom ei klår, skriftleg åtferdsavtale vil ein òg vareta behovet for etterprøving og dokumentasjon.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å endre føresegna til «dette er nødvendig for å hindre at innsatte, til tross for at adferdssamtale er gjennomført, fortsetter å påvirke miljøet i fengslet på en særlig negativ måte». Nærmore reglar for bruk av åtferdssamtale og åtferdsavtale vert gjevne i retningslinjer til straffegjennomføringsloven.

7.3 Av omsyn til konkrete tilsette

7.3.1 Gjeldande rett

Det er i dag ikkje nokon utrykkeleg heimel for overføring av ein innsett på bakgrunn av omsynet til ein konkret tilsett. I einskilde tilfelle, til dømes ved vald og truslar mot tilsette, kan det likevel vere grunnlag for å overføre med heimel i straffe-

gjennomføringsloven § 14 første ledd bokstav d, for å oppretthalde ro, orden og tryggleik i fengselet.

7.3.2 Høyringsnotatet

Departementet greia i høyringsnotatet ut om at praksis har vist behov for høve til å overføre ein innsett av omsyn til konkrete tilsette i fengselet. Dette kan til dømes vere i situasjonar kor den tilsette sjølv, eller tilsette sin nærmaste familie, er fornærma eller etterlatne i innsette sin straffesak. Fordi fengselet er den tilsette sin arbeidsplass, og det vil vere sterkt urimeleg om den tilsette må møte og omgåast gjerningspersonen på arbeidsplassen, gjorde departementet framlegg om ny lovføresegn.

Andre aktuelle eksempel kor føresegna kan vere aktuell, er tilfelle kor den tilsette og den innsette er i nær familie, eller dersom det er andre sterke band mellom dei, til dømes tidlegare samboarskap.

I tillegg til omsynet til den tilsette, vil òg habilitetsomsyn kunne spele inn i slike tilfelle. Slike band mellom tilsett og innsett kan, i tillegg til å vere ei belastning for både den tilsette og den innsette, òg svekkje tilliten til kriminalomsorga.

Det vart frå departementet si side presisert at ein slik heimel for overføring må vere snever, og avgrensa til å gjelde i alvorlege straffesakar som gjeld lovbrot mot liv og helse.

I høyringsnotatet vart det òg vist til at ein i dansk rett har ein generell heimel for flytting av innsette, slik at ein unngår at innsette sonar i fengsel der innsette sine nærliggende arbeidar, jf. den danske lov om fuldbyrdelse af straf mv. § 26 nr. 8.

Departementet foreslo på denne bakgrunn ein ny heimel for overføring av innsette til anna fengsel viss det er «nære bånd mellom en innsatt og en tilsatt», samt «hvis den tilsatte eller noen av denes nærliggende er fornærmet eller etterlatt i straffesaken mot innsatte».

Departementet drøfta i høyringsnotatet kven som skal ha avgjerdskompetanse i desse sakene. Kryssande omsyn mellom tilsette og innsette kan skape uro på arbeidsplassen og kan tale for å leggje avgjerdskompetansen til regionalt nivå. Sentralforvaltninga for kriminalomsorga vil då vere klageorgan. Samstundes vil ei slik kompetansedeling bryte med den generelle kompetansedelinga mellom dei ulike nivåa i kriminalomsorga. Erfaring med fengsla som avgjerdsmyndighet underbyggjer òg at lokalt nivå er rusta til å handtere denne typen saker. Departementet gikk på bakgrunn av dette inn for å leggje avgjerdskompetan-

sen til lokalt nivå, med regionalt nivå som klageinstans.

7.3.3 HøyTINGSINSTANSANE SITT SYN

Alle dei høyTINGSinstansane som har funne grunn til å kommentere framlegget, meiner at det er behov for ein slik heimel for overføring av innsette. *Kriminalomsorga region nordaust* peikar på at sjølv om framlegget inneber ei nyvinning innanfor kriminalomsorga sitt regelverk, er problemstillinga kjent frå tidlegare.

Kriminalomsorga region aust meiner at «det praktiske utgangspunktet må vere at den innsatte flyttes», når tilsette eller tilsette sine nærmiljøer er utsett for overgrep mot liv og helse frå ein som er innsett på den avdelinga kor den tilsette arbeider. *JussBuss* meiner på si side at flytting av den innsette må vere siste løysing, og *Advokatforeningen* peikar på at «skjønnsutøvelsen også må gjen speile den innsattes behov». Fleire av einingane i kriminalomsorga meiner at ein må ha klare retningslinjer for skjønnsutøvinga, slik at ein sikrar lik praksis i heile etaten.

Fleire høyTINGSinstansar, medrekna *Kriminalomsorga region sør* og *region sørvest*, *Hedmark fengsel*, *Telemark fengsel avdeling Skien* og *Ringerike fengsel* har gjeve uttale om at departementet sitt framlegg er for snevert. Desse meiner at òg tidlegare straffesakar bør vere omfatta av ei slik føresogn, og *Hedmark fengsel* syner til behovet for å vareteke dei tilsette og konsekvensane det inneber for ein tilsett å måtte byte tenestested.

Kriminalomsorga region aust meiner at føresegna må utformast slik at òg omsynet til arbeidsrettslege føresogn og prinsipp vert varetekne, i tillegg til omsynet til dei innsette. Regionen syner til to grunnleggjande prinsipp: Arbeidsgjevarane sin styringsrett og utgangspunktet om at arbeidstakarane ikkje skal utsetjast for uheldige psykiske belastningar. Vidare syner regionen mellom anna til arbeidsmiljøloven § 4-3 nr. 4, som seier at arbeidstakarane, «så langt det er mulig», skal vernast mot vald, truslar og «uheldige belastninger som følge av kontakt med andre».

Nokre av høyTINGSinstansane har uttala seg om kven som bør ha kompetanse til å fatte vedtak i denne typen saker. Fire høyTINGSinstansar, *Kriminalomsorga region nordaust*, *region sørvest*, *Akershus friomsorgskontor* og *Ringerike fengsel* gjev uttrykk for at det er ynskeleg at lokalt nivå har kompetanse til å avgjere denne typen spørsmål. *JussBuss* meiner på si side at kompetansen bør ligge på regionalt nivå i kriminalomsorga.

7.3.4 Departementet si vurdering no

Kriminalomsorga har erfart at det er behov for ein heimel for overføring av innsette på bakgrunn av omsynet til konkrete tilsette. Heller ingen av høyTINGSinstansane er negative til ein slik moglegheit. I tillegg til omsynet til den tilsette, kan òg omsynet til habilitet og profesjonalitet tilseie at relasjonar mellom ein innsett og ein tilsett gjer ei overføring av den innsette naudsynt.

I høyTINGSnotatet gjorde departementet framlegg om heimel for overføring av innsette, mellom anna der det er «nære bånd mellom en innsatt og en tilsatt». Føresegna vart rekna som aktuell til dømes dersom det er, eller har vore, familieære eller venskapelege band mellom ein innsett og ein tilsett, eller dersom dei har, eller har hatt, ein annan type nær relasjon.

Departementet har vurdert ordlyden i framlegget, og meiner at dette er noko for snevert, samanlikna med dei faktiske behov som har vist seg. Departementet ynskjer difor heller at føresegna skal gjelde «når særlige forhold foreligger som gjør overføring nødvendig av hensyn til en tilsett eller vedkommendes tjenesteutøvelse eller omstendighetene for øvrig gjør det påkrevet». Føresegna vil da omfatte eit vidare spekter av omstende ved forholdet mellom ein innsett og ein tilsett, men likevel vere avgrensa til omstende som har påverknad på den tilsette eller utøving av tenesta. Dette kan til dømes vere i form av psykiske belastningar, at den tilsette sin habilitet og tillita til kriminalomsorga vert svekka eller andre omstende som kan hindre ei forsvarleg tenesteutøving.

Framlegget vil òg gjeve heimel for overføring når tilsette eller tilsette sine nærmiljøer er for nærra eller etterlatne i innsette si straffesak. Departementet uttala i høyTINGSnotatet at høve til overføring av innsette på dette grunnlaget må «være snever og begrenset til alvorlig straffesak som gjelder forbrytelser mot liv eller helse». Avgjerala vil likevel avhenge av eit skjøn, kor mellom anna den tilsette si subjektive oppleving av belastninga vil vere eit tungtvegande moment. Det må difor òg i andre typar straffesaker, etter omstenda, kunne vere grunnlag for overføring av innsette.

Vidare vil òg omstende knytt til vald og truslar mot tilsette kunne tilseie flytting av den innsette, sjølv om omstenda ikkje er eigna til å grunngjeve flytting etter § 14 fyrste ledd bokstav d, om «ro, orden og sikkerhet». Det same gjeld dersom vedkomande innsette, trass i kriminalomsorga si

praksis med å politimelde vald og truslar, ikkje har vorte sikta for handlingane.

For den tilsette vil belastninga ved å måtte møte og omgåast den aktuelle innsette på arbeidsplassen kunne vere like aktuell, trass i at den idømde straffa er ferdig sona. Departementet meiner difor at òg tidlegare domfellingar, kor den tilsette eller nokon av den tilsette sine nærståande er fornærma eller etterlatne, vil kunne gjeve grunn til overføring av innsette. Det same kan òg gjelde dersom den innsette er sikta for eit straffbart forhold, til dømes vald eller truslar, kor den tilsette sjølv eller tilsette sine nærståande er fornærma eller etterlatne. Omstende rundt siktina kan vere av ein slik belastande karakter at innsette bør kunne overførast, trass i at straffesaka framleis ikkje er rettskraftig avgjord.

Praktiske erfaringar frå kriminalomsorga si verksemd har vist at det òg i andre situasjonar enn dei som er nemnde ovanfor, kan vere behov for å flytte innsette av omsyn til tilsette. Dette kan til dømes vere i tilfelle kor det vert gjort unntak frå tilsette si teieplikt for at vedkomande skal kunne vitne i rettssak etter barnevernloven, kor den innsette er part.

Fordi det er grunn til å anta at det òg i framtida vil kunne oppstå andre tilfelle kor flytting av innsette er naudsynt av omsyn til tilsette og eventuelt deira habilitet, ynskjer departementet å leggje inn i føresegna at kriminalomsorga i denne sammenhengen skal kunne flytte innsette når «omstendighetene for øvrig gjør det påkrevet». Dette er meint som ein snever unntaksregel, kor ein etter ei vurdering av til dømes omsynet til den tilsette, den innsette og eventuelt tilliten til ei uhilda tenesteutøving, finn det naudsynt å flytte den innsette.

Departementet uttala i høyingsnotatet at ein ynskjer lokal avgjerdmyndigkeit òg i denne typen saker, trass i at det kan oppstå kryssande omsyn mellom tilsette og innsette. Å leggje avgjerdmyndigheita til lokalt nivå er i tråd med den generelle kompetansefordelinga i kriminalomsorga, og lokalt nivå har betydeleg erfaring med å ta avgjerd i vanskelege saker, kor ulike omsyn må vegast mot kvarandre. Departementet fører vidare framlegg om at denne typen saker skal avgjeraast av dei lokale einingane, med regionalt nivå som klageinstans.

Sentralforvaltninga for kriminalomsorga vil gjeve nærmare retningslinjer for skjønsutøvinga ved overføring av innsette. Plassering og flytting av tilsette internt i dei ulike einingane ligg innafor arbeidsgjevar sin styringsrett.

7.4 Samansetjing av grupper av innsette

7.4.1 Gjeldande rett

Kriminalomsorga har i dag ikkje høve til å overføre innsette til anna fengsel aleine på bakgrunn av omsynet til fangesamansetjinga. Fangesamansetjinga kan likevel vere eit av momenta som er relevante å vurdere ved ei overføring på bakgrunn av omsynet til ro, orden og tryggleik etter straffegjennomføringsloven § 14 første ledd bokstav d.

7.4.2 Høyingsnotatet

Det går fram av høyingsnotatet at praksis har vist behov for eit heimelsgrunnlag for overføring av innsette på bakgrunn av omsynet til fangesamansetjinga i fengselet. Departementet vurderte det slik at det kan vere uheldig at fleire domfelte frå same straffesak sonar i same fengsel, særleg når straffa er idømd for alvorlege forhold av eit visst omfang. Departementet meinte òg at det i enkelte tilfelle kan vere formålstenleg å «splitte miljøet» i ei avdeling eller eit fengsel, ved at innsette vert overført til andre fengsel. Dette kan til dømes vere aktuelt dersom ein innsett eller ei gruppe innsette er styrande overfor resten av dei innsette i ei avdeling eller eit fengsel. Einskilde innsette kan til dømes ha ei svært dominerande rolle i ei avdeling, og gjennom den styrande posisjonen gjere rehabilitering, holdningsendringar og positiv utvikling vanskelegare for andre innsette.

Kriminalomsorga har erfaring med at det kan vere behov for å flytte innsette av omsyn til fangesamansetjinga, utan at det kan påvisast konkrete negative hendingar eller dokumenterast at overføringa er naudsynt av omsyn til ro, orden og tryggleik, jf. § 14 første ledd bokstav d.

Departementet gjorde på bakgrunn av dette framlegg om ein ny heimel for overføring av innsette når «det er nødvendig for en hensiktsmessig fangesammensetning».

7.4.3 Høyingsinstansane sitt syn

Dei fleste av høyingsinstansane, særleg innanfor kriminalomsorga, støttar framlegget om høve til å overføre innsette av omsyn til fangesamansetjinga. *Kriminalomsorga region nordaust* uttalar til dømes at «Hjemmen er etterlyst i lang tid» og *Ullersmo fengsel* har gjeve fråsegn om at ein slik heimel har vore sakna. Sjølv om òg *Telemark fengsel Skien avdeling* støttar framlegget, vert det likevel peika på at eit vidt skjøn gjev svært stort rom for ulike haldningar hos fengselsleiarar. Det store

spelerommet for skjøn er også nemnd av *For Fan-gers Pårørende* og *JussBuss*. *Advokatforeningen* uttalar at forslaget er «prinsipielt betenklig, og dessuten unødvendig», da kriminalomsorga alle-reie har heimel for overføring av innsette ved sær-leg negativ innverknad på miljøet i fengselet og for å oppretthalde ro, orden og tryggleik.

7.4.4 Departementet si vurdering no

Departementet meiner at det er behov for ein heimel for overføring av innsette til ei anna avdeling når det er naudsynt av omsyn til fangesamansetjinga. Heimelsgrunnlaget kan til dømes vere aktuelt dersom fleire innsette som er dømde i same straffesak, sonar på same avdeling, eller dersom fleire innsette i ei bestemd avdeling er med i same kriminelle nettverk. Behovet kan også oppstå dersom ein eller fleire innsette på ein negativ måte opptrer styrande overfor andre i avdelinga, slik at andre innsette sine moglegheiter for rehabilitering vert svekka. Kriminalomsorga har erfaring med at det i slike tilfelle vil kunne vere naud-synt å flytte innsette utan at omsynet til ro, orden og tryggleik, eller særleg negativ innverknad på miljøet, er dekkjande for situasjonen.

Departementet har vurdert framlegget i lys av kommentarane fra høyingsinstansane og meiner at det er grunn til å formulere ordlyden noko annleis enn framlegget i høyingsnotatet. Departementet finn det vidare naturleg å nyte uttrykket «innsatte» framfor «fange», da dette harmonerer betre med språkbruken elles i straffegjennomføringsloven.

Departementet foreslår i staden ordlyden «dersom det er nødvendig for å unngå en uheldig sammensetning av innsatte» og ordlyden vert dermed stramma noko inn. Dette på bakgrunn av at tvungen overføring av innsette er eit inngripande tiltak i tilvera deira.

Ordlyden vil, i tillegg til kravet om at overføringa må vere naudsynt, stille eit tydeleg vilkår om at det ligg føre ei «uheldig» samansetjing av innsette. Det er dermed ikkje tilstrekkeleg at fangesamansetjinga kunne tenkast å vere meir formålstenleg, viss ho ikkje kan karakteriserast som «uheldig». Departementet meiner at moglegheita til overføring vil dekkje kriminalomsorga sitt behov.

Ved praktisering av overføring av omsyn til fangesamansetjinga, må kriminalomsorga i vedtaket syne til konkrete omstende som gjer at fangesamansetjinga er uheldig. Å konstatere at saman-setjinga av innsette ikkje er heldig, er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg for å grunngjeve overføringa

etter krava i forvaltningsloven § 24. Dersom vil-kåra i straffegjennomføringsloven § 7 bokstav d jf. bokstav c er oppfylt, kan ein likevel vurdere å nekte innsette innsyn i grunngjevinga.

7.5 Varetaking av innsette sine behov

7.5.1 Gjeldande rett og høyingsnotatet

Gjeldande rett gjev ikkje rom for å overføre innsette til anna fengsel aleine på bakgrunn av at det vil vere formålstenleg for den innsette sjølv.

Departementet gjorde i *høyingsnotatet* framlegg om ein ny heimel for overføring av innsette til anna fengsel, når dette oppfyller den innsette sine behov på ein formålstenleg måte.

Overføring med heimel i omsynet til innsette sitt behov er til dømes særleg aktuelt for barn og unge. Det følgjar av barnekonvensjonen artikkel 37 at barn og unge som utgangspunkt ikkje skal sone saman med vaksne. Ein heimel for overføring av innsette av omsyn til innsette sine behov, vil mellom anna kunne heimle overføring av unge innsette til ei ungdomseining.

Ei ungdomseining har sidan 1. september 2009 vore i drift i midlertidige lokalar i Bergen fengsel. Ei ungdomseining med fire plassar vil bli etablert ved Bjørgvin fengsel til erstatning for den midlertidige eininga. Departementet arbeider også med å etablere ei ungdomseining på austlandet. Arbeidet i ei ungdomseining byggjer på tverrfagleg samarbeid og intensivt endringsarbeid, slik at mest mogleg av straffegjennomføringa kan finne stad utanfor fengselet.

Overføring av unge innsette til ei ungdomsei ning mot deira vilje vil byggje på ei totalvurdering. I denne vurderinga vil omsynet til «barnets beste» og behov for rehabiliterande tiltak vege tungt. I tillegg vil også deira særlege behov for kontakt med nærståande, og behovet for geografisk nærliek til hjelpeapparatet, vere viktig. Endeleg må det også vurderast om det er formålstenleg å overføre unge innsette til ei avdeling kor rehabiliteringsarbeid står sentralt, viss den unge ikke er motivert for opphold ved avdelinga.

Departementet gjorde vidare framlegg om at også andre grupper innsette kan overførast til anna fengsel mot si eiga vilje etter denne heimelen. Dette kan til dømes gjelde kvinner, som vil kunne overførast til kvinneavdelingar. Vidare vil langtidssonarar som er innsette i små anstaltar med lite aktivitetstilbod, kunne overførast til fengsel med eit meir formålstenleg tilbod når det gjeld til dømes sysselsetjing og skule.

Av andre grupper innsette som kan tenkjast å vere aktuelle for overføring med heimel i denne regelen, er psykisk utviklingshemma og domfelte med behov for særleg oppfølging frå helsevesenet. I ein del av desse sakene vil utfordringane kunne vere ukjende for kriminalomsorga ved innsetjing i fengsel, og ein ynskjer difor eit heimelgrunnlag for seinare under soninga å kunne overføre innsette til ei eigna avdeling.

Departementet drøfta at det jamleg kjem opp nye behov på dette området, og gjorde difor framlegg om ein vid heimel. Formålet er at framtidige behov kan dekkjast til beste for både den einskilde innsette og kriminalomsorga.

7.5.2 HøyTINGSinstansane sitt syn

Fleire av høyTINGSinstansane, òg blant dei som støttar framlegg om overføring på bakgrunn av dei innsette sine behov, meiner at ordlyden er svært vid og opnar for eit vidt skjøn. Dei meiner difor at høvet til overføring må regulerast ytterleger i retningslinjer, og at det må seiast meir om uttrykket «hensiktsmessig».

Alle høyTINGSinstansane sluttar seg til framlegg om born. *JussBuss* stiller spørsmål ved kven som skal ta avgjørda om overføring av borna, og meiner at eit tverrfagleg team bør vere inne i biletet.

Når det gjeld andre grupper innsette, uttalar *JussBuss* at dei er «svært skeptiske» til eit høve til overføring på bakgrunn av kva kriminalomsorga oppfattar som «hensiktsmessig» for den innsette. *JussBuss* uttalar vidare at det etter deira syn ikkje kan «være adgang til å tvangsoverføre innsatte fordi man ikkje evner å tilrettelege forholdene for innsatte med spesielle behov».

Fleire høyTINGSinstansar tek til orde for at kriminalomsorga først bør arbeide med å rettleie, oppmøde og motivere innsette til å søkje frivillig overføring til eit fengsel som kan vareta behova deira på ein god måte. *Advokatforeningen* uttalar at dei støttar framlegg, «men forutsetter at man i vurderingen legger til rette for at domfelte blir hørt, at vedkommendes eventuelle innvendinger tillegges betydelig vekt i vurderingen, og at det ikke kan kreves for mye for at slik tvungen overføring ikke skal skje, der domfelte har gode grunner for å nekte». *For Fangers Pårørende* er opptekne av at nærliekprinsippet skal vere eit relevant moment for alle grupper innsette, òg for dei som ikkje fell inn under gruppa unge domfelte.

7.5.3 Departementet si vurdering no

Fleire av høyTINGSinstansane har peika på at framlegg til heimel er vid, og nokre er kritiske til kva for grupper innsette som kan omfattast av føresegna. Departementet meiner framleis at det er behov for ein slik heimel for å overføre innsette mot viljen deira, og fører vidare framlegg i høyTINGSnotatet. Heimelen vil særleg vere aktuell overfor born. Departementet meiner at det særleg er overfor denne gruppa at det vil vere mest aktuelt å nytte heimelen for ei overføring mot innsette sin vilje. Kriminalomsorga må likevel, òg i desse tilfella, gjere ei konkret vurdering, der òg den innsette sitt syn vil inngå.

Vurderinga av kor og korleis born og unge skal sone, vil avhenge av kva som vil vere det beste for barnet. Vurderinga vil mellom anna omfatte omsynet til nærliek til sosialt nettverk og hjelpeapparat, samt borna sine behov for rehabilitering. Før vedtak om overføring til ungdomseinning vert fatta, vil det verte vurdert korleis ein meiner at soning i ungdomseininga vil verke inn på den domfelte si utvikling. Vidare vil ein òg undervegs i soninga i ungdomseininga vurdere om denne soningsforma framleis er formålstenleg for den innsette. I ungdomseininga vil den innsette verte følt opp av eit tverrfagleg team, kor både tilsette i kriminalomsorga og representantar frå andre etatar tek del i arbeidet.

Føresegna vil òg kunne heimle overføring av andre grupper innsette, dersom overføringa vil vareta deira behov på ein formålstenleg måte. Dette kan til dømes dreie seg om å overføre kvinner frå ei avdeling eller eit fengsel kor det òg finst mannlege innsette til kvindefengsel, eventuelt tilrettelagte avdelingar kor dei ikkje sonar saman med menn.

Heimelen vil vidare vere formålstenleg for langtidssonarar i avdelingar med lite aktivitetstilbod, eller for innsette med særlege behov for oppfølging av helseproblem. Når det gjeld innsette med omfattande psykiske lidinger, stor grad av avvikande åtferd og lettare psykisk utviklingshemming, meiner departementet at føresegna vil vere særleg aktuell, da dette er grupper som krev ei tettare og meir individuelt tilpassa oppfølging i tilrettelagt avdeling.

Kriminalomsorga må, i kvart tilfelle, vurdere kor formålstenleg det vil vere å overføre innsette til anna avdeling på dette grunnlaget, dersom dei innsette sjølvé ikkje ynskjer overføringa. Vurderinga av om overføring skal skje må baserast på eit skjøn, kor mange omsyn vil kunne vere relevante. Dersom innsette har innvendingar mot

overføringa, skal desse vurderast. Vidare vil mel-
lom anna nærleikprinsippet og moglegheita for å legge forholda til rette for den innsette der vedko-
mande sjølv ynskjer å sone, vere relevant.

8 Utelating frå fellesskapet i førebyggjande hensikt

8.1 Gjeldande rett

Heimlane for utelating av innsette frå fellesskapet i førebyggjande hensikt går fram av straffegjennomføringsloven § 37. Bokstav a i føresegna regulerer høve til utelating frå fellesskapet «dersom det er nødvendig for å hindre at innsatte til tross for skriftlig advarsel fortsetter å påvirke miljøet i fengslet på en særlig negativ måte».

8.2 Høyningsnotatet

Framlegg om endring av § 37 første ledd bokstav a, må sjåast i samanheng med framlegg om endring av § 14 første ledd bokstav c om overføring av innsette til anna avdeling på bakgrunn av «særlig negativ innvirkning på miljøet i fengslet». Uttrykket «skriftlig advarsel» er berre nytta desse to stadane i straffegjennomføringsloven. Uttrykket er noko uklårt, og departementet er kjent med at nokre einingar i kriminalomsorga praktiserer føresegna ulikt.

Departementet fann det difor naturleg å vurdere endring av § 37. Departementet gjorde difor framlegg om å ta bort vilkåret «skriftlig advarsel» i § 37 første ledd bokstav a.

8.3 Høyningsinstansane sitt syn

Kriminalomsorga region nordaust gav fråsegn om at straffegjennomføringsloven § 37 første ledd bokstav a bør endrast, viss departementet vel å endre § 14 i samsvar med det framlagte alternativ 2. Regionen meiner at ein da bør gå bort frå uttrykket «skriftlig advarsel» på ein slik måte at «bestemmelsens reelle innhold ikke forandres». *Ila fengsel og forvaringsanstalt* er òg oppteken av at terskelen for å utelate innsette frå fellesskapet ikkje vert heva, og gjer difor uttrykk for at vilkåret om «skriftlig advarsel» ikkje bør endrast til eit krav om «skriftlig irettesettelse».

8.4 Departementet si vurdering no

Uttrykket «skriftlig advarsel» er noko uklårt, og departementet er kjent med at vilkåret vert praktisert ulikt. Omsynet til systematikk og samanheng i straffegjennomføringsloven tilseier at uttrykket «skriftlig advarsel» vert fjerna frå § 37, da departementet òg ynskjer å ta bort uttrykket frå § 14. Ordlyden i føresenga vert da «hindre at innsatte fortsetter å påvirke miljøet i fengselet på en særlig negativ måte». Uttrykket «fortsetter» tilseier at innsette er åvara om at åferda ikkje kan akseptast, men likevel held fram med uakseptabel åferd som i særleg grad verkar negativt inn på miljøet i fengselet.

Det er sentralt at innsette som ved åferda si har særleg negativ innverknad på miljøet, vert underretta om at åferda vert oppfatta som uakseptabel. Vedkommande bør, om det er forsvarleg, få ein sjanse til å endre åferda, før fengselet fattar vedtak om utelating frå fellesskapet eller overføring til anna fengsel.

I åtvaringa skal fengselet opplyse innsette om korleis fengselet oppfattar åferda, og kva fengselet meiner er uakseptabelt. Innsette skal gjerast kjent med at åferda kan føre til utelating frå fellesskapet. Åtvaringa er ikkje å anse som eit enkeltvedtak. Dersom innsette vel ikkje å rette seg etter åtvaringa, kan den innsette latast ute frå fellesskapet. Dette vedtaket kan den innsette klage på etter forvaltningsloven § 28. Departementet meiner at denne framgangsmåten varetek omsynet til informasjon og rettstryggleik for dei innsette.

Åtvaringa bør fortrinnsvis skje skriftleg, men kan etter omstenda skje munnleg. Munnleg åtvaring kan til dømes vere formålstenleg dersom den innsette i samtale får melding om at vedkomande utviser ei åferd som inneber særleg negativ innverknad på miljøet, og med ein gong responderer på dette i form av ei uakseptabel åferd, trass i underrettinga om korleis fengselet vurderer åferda og dei konsekvensane ho kan få.

Av omsyn til innsette sin rettstryggleik, til dømes ved ei eventuell klage over vedtak om utelating, er det vesentleg at fengselet si åtvaring vert dokumentert. Ved bruk av munnleg åtvaring må

fengselet dokumentere, i skriftleg form, at samtal har funne stad og kva som vart sagt frå både fengselet og den innsette si side.

Departementet går på denne bakgrunnen inn for å fjerne uttrykket «skriflig advarsel». Dette vil vere ein fordel for innsette sin rettstryggleik og sikre lik praksis i kriminalomsorga.

9 Fastsetjing av vilkår ved permisjon og straffavbrot

Kriminalomsorga skal, etter *gjeldande rett*, fastsetje særlege vilkår for permisjon eller straffavbrot, viss dette er naudsynt for ei sikker og forsvareleg straffegjennomføring, jf. straffegjennomføringsloven § 36 andre ledd.

Departementet drøfta i *høyningsnotatet* at ordlyden i § 36 kan tyde på at opplistinga av vilkår er uttømmande. Det går likevel fram av Ot.prp. nr. 5 (2000-2001) Om lov om gjennomføring av straff mv. side 241 at opplistinga ikkje er meint å vere uttømmande: «Oppregningen er ikke uttøm-

mende. Andre vilkår kan fastsettes når det anses nødvendig.»

Departementet gjorde framlegg om å føye til «bl.a.» i § 26 andre ledd andre punktum av praktiske omsyn, samt for å unngå tvil om kva for innhald regelen har.

Ingen av *høyningsinstansane* hadde innvendingar mot framlegget. Departementet fører vidare framlegget, men går inn for å skrive «blant annet» framfor forkortinga «bl. a.».

10 Unnlating av å rette seg etter pålegg om oppmøte til fullbyrding av straff

Det følgjer av straffeprosessloven § 461 første ledd at kriminalomsorga skal gjeve domfelte som er på frifot, pålegg om å møte til fastsett tid og stad for fullbyrding av fridomsstraff eller samfunnsstraff. Forsettleg eller grov aktlaus unnlating av å følgje pålegg som nemnt i straffeprosessloven § 461 første ledd, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. straffegjennomføringsloven § 40 sjuande ledd. Føresegna gjeld altså, etter ordlyden, både for fengselsstraff og samfunnsstraff.

Departementet greia i *høyningsnotatet* ut om at unnlating av oppmøte til samfunnsstraff i praksis ikkje vert meld til politiet, men i staden vert rekna som brot i straffegjennomføringa som gjer grunnlag for reaksjon etter straffegjennomføringsloven § 58. Praksisen er i samsvar med rundskriv 2/2007

frå Sentralforvaltninga for kriminalomsorga. For å bringe lova i samsvar med gjeldande praksis, gjorde departementet framlegg om å ta bort unnlating av oppmøte til samfunnsstraff frå straffegjennomføringsloven § 40 sjuande ledd.

Dei *høyningsinstansane* som har uttala seg om problemstillinga, støttar framlegget. *Kriminalomsorga region aust* syner til at «Samfunnsstraff fortsetter samtykke frå domfelte, og da er det naturlig at unnlatt oppmøte blir behandlet som brudd og ikke anmeldelse». *Kriminalomsorga region sør* uttalar på si side at «Etter vår oppfatning er det allerede innarbeidet praksis at unnlatt oppmøte til samfunnsstraff behandles som brudd».

D e p a r t e m e n t e t vidarefører framlegget i høyningsnotatet.

11 Prøvelauslating av utanlandske innsette der utvisinga skal setjast i verk samstundes med lauslatinga

11.1 Gjeldande rett

Etter straffegjennomføringsloven § 42 sjette ledd kan kriminalomsorga setje som vilkår for prøvelauslating frå fengsel at vedtak om utvising vert sett i verk. Dersom det er sett eit slikt vilkår for prøvelauslatinga, og det viser seg at uttransporteringa ikkje kan gjennomførast, kan den domfelte etter forskrift til lov om straffegjennomføring § 3-41 setjast attende i fengsel.

Føresegna opnar for at utanlandske innsette med utvisningsvedtak kan haldast fengsla utover to tredjedel tid, eventuelt til heile straffa er gjennomført, dersom utvisningsvedtaket ikkje let seg setja i verk ved tidspunktet for forventa prøvelauslating. Føresegna er grunngjeve i omsynet til at vedtak om utvising skal effektuerast på ein formålstenleg måte, og ikkje omstende knytt til dommen eller straffegjennomføringa.

Prøvelauslatingsreglane har vore vurderte av Sivilombodsmannen. Ombodsmannen ga i sak 2007/1063 uttrykk for tvil knytt til om prøvelauslatingsreglane let seg forene med EMK artikkel 5 om retten til fridom. Den Europeiske Menneskerettssdomstolen (EMD) legg til grunn at EMK artikkel 5 set krav om tilstrekkeleg årsakssamanhang mellom domfellinga og eit eventuelt seinare grunnlag for fridomstap. Ombodsmannen stilte spørsmål ved om det ligg føre tilstrekkeleg årsakssamanhang når fortsatt fridomstap eine og åleine er grunngjeve i ei manglande iverksetjing av utvisningsvedtaket.

Justisdepartementet vurderte reglane i lys av synspunkta fra Ombodsmannen, og fann at det var behov for eit klårare skilje mellom fridomstap som følgje av straffegjennomføringa og fridomstap som følgje av manglande effektuering av utvisningsvedtaket. Sentralforvaltinga for kriminalomsorga gav i rundskriv KSF-6/2010 føringar om endring av praksis, slik at kriminalomsorga tek omsyn til EMK ved praktiseringa av regelverket for prøvelauslating. Det følgjer av rundskrivet at fengsing utover to tredjedel tid ikkje skal finne stad «utelukkende med den begrunnelse at et

utvisningsvedtak ikke kan effektueres». Forskrifta § 3-41 siste ledd andre punktum, om høve til å setje domfelte attende i fengsel ved manglende effektuering av utvisningsvedtak, vart teken ut av bruk.

Det går fram av KSF rundskriv 2/2012 at det heller ikkje for ei avgrensa periode er høve til å halde attende domfelte i desse tilfella. Praktiske problem for kriminalomsorga og politiet i samband med koordinering av uttransporteringa skal heller løysast ved bruk av framskoten lauslating i medhald av § 42 fjerde ledd, jf. KSF rundskriv 2/2011.

Kriminalomsorga kan, i medhald av § 42 femte ledd, avslå prøvelauslating «hvis omstendighetene etter en totalvurdering gjør løslatelse utilrådelig». Sentralforvaltinga for kriminalomsorga peika i rundskriv 2/2012 på «at et utvisningsvedtak i seg selv ikke er tilstrekkelig til å anse prøveløslatelse som utilrådelig på grunn av fare for ny kriminalitet». Det må gjerast «en konkret og individuell vurdering av alle sakens omstendigheter, herunder domfeltes strafferettslige historie, det straffbare forholdets art, tilknytning til Norge, oppholdstid, familie m.v.» I tilfelle kor det ikkje er grunnlag for å nekte prøvelauslating, og domfelte heller ikkje vil kunne uttransporterast i samband med lauslatinga, bør kriminalomsorga vurdere å setje vilkår for prøvelauslatinga, til dømes i form av møteplikt for kriminalomsorga.

11.2 Høyningsnotatet

Departementet meinte i høyningsnotatet at det er behov for å gjere ei klårare avgrensing av fridomstap med grunnlag i straffegjennomføringa og fridomstap med grunnlag i manglande effektuering av eit utvisningsvedtak.

Departementet gav uttrykk for at høvet til å halde innsette fengsla utover to tredjedels tid bør avgrensast til tilfelle kor prøvelauslating etter ei totalvurdering av tilhøva vil vere utilrådeleg, jf. straffegjennomføringsloven § 42 femte ledd. I vurderinga av om prøvelauslating vil vere utilrådeleg,

skal det særleg leggjast vekt på åtferda den domfelte har utvist under straffegjennomføringa, og om det er grunn til å tru at vedkomande vil gjøre seg skuldig i nye straffbare handlingar i prøvetida.

Innsette med utvisingsvedtak vil ikkje kunne opphalde seg lovleg eller få løyve til arbeid i Noreg etter prøvelauslating. Opphald i Noreg vil i seg sjølv kunne medføre straff etter føresegner i utlendingsloven. Samstundes vil òg brot på føresegner i utlendingsloven føre med seg brot på vilkåra for prøvelauslating, jf. straffegjennomføringsloven § 43 fyrste ledd. Departementet meinte på bakgrunn av dette at det er gode grunnar for at utvising bør effektuerast samstundes med lauslatinga, men at eit eventuelt vidare fridomstap likevel må grunngjevest i utlendingslovgivinga.

Domfelte utlendingar med utvisingsvedtak kan òg prøvelauslastast etter å ha utheldt halve straffa dersom vilkåra i straffegjennomføringsloven § 42 tredje ledd er oppfylte. Departementet la i høyingsnotatet til grunn at det framleis vil vere høve til å setje vilkår om iverksetjing av utvisingsvedtak ved prøvelauslating etter halv tid. Dette standpunktet er òg lagt til grunn av Sivilombodsmannen.

Departementet gjorde framlegg om å oppheve § 42 sjette ledd, på bakgrunn av at føresegna er for vid og uklår. Vidare vart det peika på at forholdet til EMK artikkel 5 kan takast inn som ein del av den skjønsmessige vurderinga etter § 42 femte ledd. Framlegget gjer det òg naudsynt å gjere endringar i tilvisingar i § 7 bokstav i og § 7b.

11.3 Høyningsinstansane sitt syn

Høyningsinstansane gjev generelt uttrykk for at dei er samde med departementet i at straffegjennomføringsloven § 42 sjette ledd må opphevast, slik at føresegna om prøvelauslating vert i tråd med EMK artikkel 5. Det er semje om at fridomstap som følgje av straffedommen må avgrensast mot fridomstap grunngjeve i utlendingslovgivinga.

Politidirektoratet peikar på at det er «åpenbart hensiktsmessig» at utvisingsvedtak vert effektuert samstundes som lauslatinga frå fengsel, slik at straffedømde utlendingar utan lovleg opphald i Noreg ikkje vert lauslatne og held fram å opphalde seg i landet. For at politiet skal kunne returnere dei domfelte, må identitet, reisedokument og aksept for retur ligge føre. Politidirektoratet peikar difor på at politiet må varslast i god tid før prøvelauslatinga. Politidirektoratet meiner at dialog og gode rutinar for samarbeid mellom politiet og

kriminalomsorga er viktig, og at retningslinjene for kontakt mellom fengsel og politidistrikt må vidareførast.

Riksadvokaten, Politidirektoratet og Politiet si utlendingseining meiner at det ved prøvelauslating etter halv tid framleis bør kunne setjast vilkår om effektuering av utvisingsvedtak. *Advokatforeningen* meiner på si side at utlendingsrettslege omsyn heller ikkje kan grunngjeve avslag på prøvelauslating etter halv tid.

Politidirektoratet meiner at det er «noe uklart» kva det i praksis vil innebere at EMK artikkel 5 vert teke inn i vurderinga av om prøvelauslating vil vere utilrådeleg, jf. § 42 femte ledd. *Utlendingseininga i politiet* seier seg samd i at EMK artikkel 5 kan inngå i den skjønsmessige vurderinga etter § 42 femte ledd.

11.4 Departementet si vurdering no

Departementet foreslår å oppheve straffegjennomføringsloven § 42 sjette ledd. Framlegget har motteke brei støtte frå høyningsinstansane. Opphevinga vil bringe lova i samsvar med gjeldande praksis. Ei oppheving av § 42 sjette ledd vil eliminere tvil rundt forholdet mellom prøvelauslatingsreglane i straffegjennomføringslova og EMK artikkel 5.

Sivilombodsmannen uttala i si drøfting av problemstillinga at det «i første rekke» er ved prøvelauslating etter to tredjedels tid at «det kan være problematisk å stille vilkår om iverksetting av utvisningsvedtak». Prøvelauslating kan òg, etter straffegjennomføringsloven § 42 tredje ledd, finne stad «Dersom halvdelen av fengselstraffen og minst 60 dager er gjennomført» og «særlege grunner tilskier det». Slik prøvelauslating finn berre stad etter ei streng vurdering.

Departementet la i høyingsnotatet til grunn at det framleis vil vere høve til å setje effektuering av utvisingsvedtak som vilkår ved prøvelauslating etter halv tid. Høyningsinstansane er delte i synet på om det framleis skal vere høve til å setje eit slikt vilkår ved prøvelauslating etter halv tid. Departementet meiner, etter ei nærmare vurdering av problemstillinga, at dei same omsyna gjer seg gjeldande i samband med prøvelauslating etter halv straffetid og etter to tredjedeler av straffetida. Dersom vilkåra for prøvelauslating er oppfylte, og innsette likevel skal haldast attende i fengsel på bakgrunn av manglande effektuering av utvisingsvedtak, må dette forankrast i utlendingslovgivinga, uavhengig av kor langt den innsette har kome i soninga. Dette medfører at ein

heller ikkje ved prøvelauslating etter halv tid kan setje vilkår om effektuering av utvisingsvedtak. Dette er òg i samsvar med Europarådet sin rekommendasjon om utanlandske innsette av 10. oktober 2012, kor det i punkt 36.1 går fram at utanlandske innsette «like other prisoners, shall be considered for early release as soon as they are eligible and shall not be discriminated against in this respect».

Dersom dei alminnelege vilkåra for prøvelauslating er oppfylte, skal innsette etter framlegget prøvelauslatast, med mindre det er grunnlag for fengsling etter utlendingsloven eller lauslating kan seiast å vere utilrådeleg, jf. straffegjennomføringsloven § 42 femte ledd. Kriminalomsorga skal etter forskrift til lov om straffegjennomføring § 3-41 første ledd, gjere ei «konkret vurdering» av om prøvelauslating er tilrådeleg. Vurderinga skal vere individuell, jf. retningslinjer til straffegjennomføringsloven punkt 3.45.2. Det er etter retningslinjene mellom anna relevant å leggje vekt på om det er «grunn til å anta at domfelte vil begå nye straffbare handlinger i prøvetiden», og i så fall skal prøvelauslating ikkje skje.

For utviste personar vil vidare opphold i Noreg i seg sjølvé innebere lovbro. Dette aleine er like-

vel ikkje nok til å nekte prøvelauslating på det grunnlag at lauslating vil vere utilrådeleg, då denne avgjerda skal vere basert på eit konkret skjøn, kor mellom anna EMK artikkel 5 kjem inn som eit relevant moment. Dette inneber at dersom prøvelauslating elles er å anse som tilrådeleg, kan ikkje det forhold at vedkomande innsette er utvist aleine reknast for å gjøre prøvelauslating utilrådeleg. Vedtaket om utvising vil altså i seg sjølvé ikkje vere tilstrekkeleg til å nekte prøvelauslating, da vurderinga av om prøvelauslating er tilrådeleg skal skje ut frå dei same føresetnader for utviste innsette som for norske statsborgarar og utanlandske innsette med opphaldsløyve.

Klårgjeringa av forholdet mellom fridomstap på bakgrunn av høvesvis straffegjennomføringsloven og utlendingsloven krev samarbeid mellom kriminalomsorga og politiet. Politiet har peika på at dei må varslast om framtidig lauslating av utviste innsette i god tid forut for lauslatinga, slik at dei kan ta hand om effektuering av utvisingsvedtak eller oppmode om fengsling etter utlendingsloven. Rutinar for kontakt mellom etatane er allereie etablert og nedfelt i rundskriv frå Sentralforvaltninga for kriminalomsorga.

12 Justering av straffegjennomføringsloven § 44 femte ledd og § 58 siste ledd

Straffegjennomføringsloven § 44 gjeld «Brudd på prøveløslatelsesvilkår i perioden med møteplikt for kriminalomsorgen». Viss prøvelauslatne forsettleg eller aktlaust bryt vilkåra for prøvelauslatinga, jf. § 43 andre ledd, kan kriminalomsorga etter § 44 fyrste ledd påleggje vedkomande å møte til samtal for innskjerpning av vilkåra.

Det følgjer av § 44 femte ledd, som syner til straffeprosessloven § 461 tredje ledd, at kriminalomsorga kan oppmode om at politiet hentar den prøvelauslatne viss det er naudsynt for å få satt i verk ein reaksjon etter fyrste ledd. Tilsvarande gjeld etter § 58 fjerde ledd jf. fyrste ledd for iverk-

setjing av reaksjon ved brot på vilkåra for samfunnsstraff.

Ved lovendring 20. juni 2008 nr. 47 vart straffeprosessloven § 461 endra, slik at tredje ledd no er innarbeida i andre ledd. Departementet foreslo difor i høyringsnotatet at visinga til straffeprosessloven § 461, i både straffegjennomføringsloven § 44 femte ledd og § 58 fjerde ledd, vert endra frå andre ledd til tredje ledd. Justeringa inneber ikkje realitetsendringar.

Ingen av *høyringsinstansane* har innvendingar mot framleggelsen, som er av reint teknisk karakter. D e p a r t e m e n t e t fører vidare framleggelsen om lovendringa.

13 Kva for straffegjennomføringsreglar som gjeld for innsette i varetektsinnsette mv.

13.1 Gjeldande rett og høyringsnotatet

Straffegjennomføringsloven kapittel 4 har særreglar for gjennomføring av «Varetektsinnsette og andre reaksjonar når det er særskilt bestemt i lov». Det er likevel naturleg at også einskilde andre føresegns i lova vert nytta når det gjeld desse gruppene innsette. Straffegjennomføringsloven § 52 gjev ein uttømmande oversikt over kva for føresegns dette gjeld.

Departementet drøfta i høyringsnotatet om det er straffbart å unndra seg varetektsinnsette eller andre reaksjonar særskilt bestemt ved lov. Det følgjer av straffegjennomføringsloven § 40 åttande ledd at den som forsettleg unndrar seg gjennomføring av fengselsstraff, forvaring eller strafferettslege særreaksjonar, samt medverknad til dette, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil seks månader.

Problemstillinga om det å unndra seg frå varetektsinnsette straffbart er ikkje uttrykkeleg omtala i forarbeida til straffegjennomføringsloven Ot.prp. nr. 5 (2000-2001). Ordlyden i § 40 åttande ledd (tidlegare sjuande ledd) omtalar berre den som forsettleg unndrar seg gjennomføring av «fengselsstraff, forvaring eller andre strafferettslige særreaksjonar» eller medverknad til dette.

Departementet peika i høyringsnotatet på at straffeheimlar ikkje skal tolkast utvidande, og la til grunn at § 40 åttande ledd ikkje omfattar innsette i varetektsinnsette som nemnd i straffegjennomføringsloven kapittel 4.

Medverknad til unndraging frå varetektsinnsette er likevel straffbart etter straffeloven § 131, som òg omfattar unndraging frå straffegjennomføring. Den innsette, medrekna varetektsfengsla, kan ikkje straffast etter denne føresegna. Etterfølgjande bistand til unndraging er heller ikkje straffbart for personar som har til hensikt å unndra seg sjølv eller sine nærmaste frå «forfølgning, straff eller særreaksjon», noko som òg omfattar varetektsfengsling, jf. straffeloven § 132 tredje ledd.

Departementet gjorde i høyringsnotatet framlegg om å endre straffegjennomføringsloven § 52

andre punktum. Framlegget går ut på å leggje til § 40 åttande ledd i opprekninga over føresegns som ikkje gjeld for varetektsinnsette og andre innsette som nemnd i kapittel 4. Det vil da gå klårt fram av § 52 at straffeheimelen for å unndra seg «fengselsstraff, forvaring eller strafferettslige særreaksjonar» i § 40 åttande ledd, ikkje gjeld for innsette i varetektsinnsette eller andre reaksjonar som nemnd i straffegjennomføringsloven kapittel 4.

13.2 Høyringsinstansane sitt syn

Fleirtalet av høyringsinstansane støttar framlegget. Nokre instansar har gjeve uttrykk for at dei støttar framlegget fordi det synes å vere riktig juridisk, men dei er meir kritiske til tanken om at unndraging frå varetektsinnsette straffbart. *Kriminalomsorga Telemark fengsel avdeling Skien* uttalar til dømes at «det kan stilles spørsmål ved om det ikke på en eller annen måte burde få konsekvenser å unndra seg varetektsfengsling. Grunnlaget for varetektsfengsling er tross alt at domstolen har funnet godt nok grunnlag for beslutning om fengsling.»

13.3 Departementet si vurdering no

Straffeheimelen i straffegjennomføringsloven § 40 åttande ledd signaliserer gjennom ordlyden at føresegna ikkje gjeld for innsette i varetektsinnsette, da ordlyden berre omtalar «gjennomføringen av fengselsstraff, forvaring eller strafferettslige særreaksjonar». Departementet meiner difor, som fleire av høyringsinstansane, at det er klårt at føresegna ikkje gjeld innsette som er omtala i kapittel 4, altså mellom anna varetektsinnsette. Departementet ynskjer på bakgrunn av dette å vidareføre framlegget om lovendring.

Einskilde høyringsinstansar i kriminalomsorga har kome med innvendingar mot framlegget. Dei har gjeve uttrykk for at det er underleg om det ikkje skal vere straffbart å unndra seg vare-

tekts, og at unndraging frå varetekt bør få konsekvensar. Departementet vil ikkje innføre straff for unndraging frå varetekt. Unndraging frå varetekt vil likevel ikkje vere utan betydning for eventuell

seinare straffegjennomføring, men kunne vere ei omstende det er relevant å leggje vekt på ved vurdering av behov for tryggingstiltak.

14 Avgjerdsmyndighet ved soningsutsetjing

I samband med at kriminalomsorga 1. april 2010 tok over ansvaret for å kalte domfelte inn til soning, er myndigheita til å avgjere utsetjing av soning i inntil seks månader lagt til lokalt nivå i kriminalomsorga. Regionalt nivå i kriminalomsorga behandler saker om utsetjing av soninga i meir enn seks månader. Kompetansefordelinga er regulert i § 5 i forskrift om innkalling og utsettelse ved fullbyrding av straff, 19. mars 2010 nr. 408.

Ifølgje straffegjennomføringsloven § 58 andre ledd andre punktum er det regionalt nivå i kriminalomsorga som avgjør søknad om soningsutsetjing når søknaden gjeld soning av subsidiær fengselsstraff etter brot på vilkåra for samfunns-

straff. Departementet gikk i høyringsnotatet difor inn for å endre føresegna, slik at ho samsvarar med ovannemnde praksis på området. Vidare vart det foreslått å legge inn ei vising til regelen i straffegjennomføringsloven § 58 andre ledd i § 44 andre ledd tredje punktum, slik at regelen i § 58 andre ledd vert gjeldande også ved brot på vilkår for prøvelauslating.

Fleirtalet av *høyringsinstansane* som har valt å kommentere framlegget, meiner det er positivt at lova vert endra, slik at ho speglar noverande praksis. D e p a r t e m e n t e t fører vidare framlegget.

15 Manglende frammøte til rettsmøte ved brot på vilkåra for narkotikaprogram med domstolskontroll og program mot ruspåverka køyring

Straffeprosessloven § 243 gjeld varsling av sikta i straffesak før rettsmøte under etterforskinga og konsekvens av at vedkomande eventuelt ikkje møter. Føresegna er ved vising i straffeloven § 28b gjort gjeldande òg ved rettsmøte om omgjeiring etter brot på vilkåra for samfunnsstraff.

D e p a r t e m e n t e t meiner at reglane om varsling før rettsmøte er passande òg for retts-

møte om brot på vilkåra for narkotikaprogram med domstolskontroll og program mot ruspåverka køyring.

Departementet går difor inn for å leggje inn ei vising til straffeprosessloven § 243 i straffeloven § 54. Framlegget har ikkje vore på høyring. Endringa er av reint teknisk karakter, og høyring må reknast som openbert ikkje naudsynt.

16 Einskilde språklege endringar

D e p a r t e m e n t e t har, i samband med revisjon av lovverket om straffegjennomføring, funne grunn til å foreslå einskilde språklege endringar i nokre av føresegene som er behandla i proposisjonen her. Dette gjeld straffeloven § 54 nr. 2 fyrste

ledd og straffegjennomføringsloven § 58 andre ledd. Endringane er av reint språkleg karakter, og har ikkje vore på høyring, da dette må reknast som openbert ikkje naudsynt.

17 Administrative og økonomiske konsekvensar

Departementet gjer framlegg om høve til å setje domfelte direkte inn i overgangsbustad når vedkomande skal starte soninga. Framlegget gjeld domfelte med inntil 1 år fengselsstraff. Ved deldom er det den vilkårslause delen av straffa som er avgjerrande.

Høve til direkte innsetjing i overgangsbustad vil kunne føre med seg behov for å etablere fleire soningsplassar ved overgangsbustadar, men kapasiteten i overgangsbustadane er i dag god da det i periodar ikkje har vore full nytting av kapasiteten. Framlegget vil kunne gjeve noko betre kapasitet i fengsla, men denne gevinsten vil på den andre sida ikkje kunne takast ut, fordi det i dag er noko soningskø. Framlegget har difor ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar.

Framlegget om endring av § 14 om overføring av innsette til anna fengsel, vil gjeve meir fleksibilitet når det gjeld nytting av soningsplassar. Framlegget vil ikkje krevje fleire soningsplassar, men det kan tenkast at framlegga kan føre med seg ei viss auking i talet på overføringar mellom fengsla. Dette vil i så fall kunne gjeve ei viss auking i transportutgiftene for kriminalomsorga. Dette vil likevel berre dreie seg om mindre beløp, som departementet føreset at vil verte dekka innanfor gjeldande budsjetttramme.

Når det gjeld framlegget om endring av reglane for prøvelauslating av utviste domfelte, vart det frå departementet si side i høyringsbrevet gjeve signal om at framlegget ville kunne få administrative og økonomiske konsekvensar på fleire område. Dette er òg peika på av *Politidirektoratet* og *Politiet si utlendingseining* i høyringa. Ei nærmare vurdering syner likevel at framlegget ikkje inneber administrative og økonomiske konsekvensar. Framlegget vil ikkje gjeve endra rutinar samanlikna med situasjonen i dag, fordi straffegjennomføringsloven § 42 sjette ledd allereie er teken ut av bruk. Dei naudsynte rutinane for samarbeid mellom kriminalomsorga og politiet er allereie etablert og i drift. Verknadene av lovframlegget er dermed allereie kjende og teke hand om av etatane.

Departementet legg elles til grunn at lovframlegga ikkje vil gjeve administrative eller økonomiske konsekvensar. Eventuelle meirutgifter som følgje av framlegga kan verte dekka innanfor gjeldande budsjetttramme.

18 Merknader til dei einskilde føresegna

18.1 Til endringa i straffeloven

Til § 54 nr. 2 første ledd

Føresegna gjeld brot på vilkåra for vilkårsdom. Ved brot på vilkåra for dom om narkotikaprogram med domstolskontroll og program mot ruspåverka køyring, kan kriminalomsorga bringe saka inn for retten, med oppmoding om omgjeringsdom. Føresegna regulerer kva for prosessuelle reglar som gjeld ved oppmoding om omgjeringsdom. Framleggget inneber at reglane for varsling av domfelte før rettsmøte i straffeprosessloven § 243 vert gjeldande også for rettsmøte om omgjering av dom på narkotikaprogram med domstolskontroll og program mot ruspåverka køyring. Endringa inneber vidare at kriminalomsorga skal varslast før rettsmøta, på same måte som påtalemakta.

Konsekvensen av regelendringa vil vere at rettsmøte om omgjering kan gjennomførast, trass i at ein av partane ikkje møter opp.

Framleggget er omtala i kapittel 15.

18.2 Til endringane i straffeprosessloven

Til § 163 første ledd

Føresegna regulerer kven som skal peike ut personundersøkarar, dersom dette ikkje er gjort av retten. Framleggget inneber at kompetansen til å peike ut personundersøkarar vert lagt til kriminalomsorga, da dette vil gjeve meir fleksibilitet og effektiv nyttig av ressursane enn i dag som kompetansen er lagt til dei lokale friomsorgskontora. Regionkontora i kriminalomsorga har ei overordna oversikt over ressurs- og bemanningssituasjonen i kvar region, slik at desse lettare vil kunne finne fram til kven som i kvart tilfelle bør utføre personundersøkinga. I dei aller fleste tilfella vil personundersøkingane framleis verte utførte av friomsorgskontora, men føresegna opnar for å finne andre løysingar der det er formålstenleg.

Framleggget er omtala i kapittel 3.

Til § 455 første ledd tredje punktum

Ved ein inkurie har ikkje attendeinnsetjing i fengsel for soning av reststraff etter prøvelauslating vore omfatta av straffeprosessloven § 455 første ledd fjerde punktum, som legg avgjerdsmyndigheten for vedtak om soning av subsidiær fengselsstraff til regionalt nivå i kriminalomsorga. Framleggget til lovendring i form av ei vising frå straffeprosessloven § 455 til straffegjennomføringsloven § 44, vil medføre at òg vedtak om fullføring av reststraff etter prøvelauslating, vert fatta av regionalt nivå i kriminalomsorga.

Framleggget er omtala i kapittel 4.

18.3 Til endringane i straffegjennomføringsloven

Til § 7 bokstav i)

Lovframleggget er av reint teknisk karakter og gjeld høve til å informere fornærma i straffesaka eller fornærma sine etterlatne om at den innsette vert prøvelauslatten. Framleggget inneber ei justering som følgje av framleggget om oppheving av § 42 sjette ledd om vilkår om uttransportering ved prøvelauslating av utviste domfelte.

Framleggget er omtala i kapittel 11.

Til § 7a ny overskrift

Framleggget om ny overskrift til føresegna inneber at ein omtalar opplysningsplikt overfor kriminalomsorga generelt, og ikkje avgrensar opplysningsplikta til berre å gjelde for offentlege etatar. Dette er for å omfatte òg private tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett eller kommunikasjonssteneste.

Framleggget er omtala i kapittel 5.

Til § 7a andre ledd ny bokstav d)

Det er teke inn eit nytt unntak frå teieplikta som vil gjeve kriminalomsorga tilgjenge til avtalebasert hemmeleg telefonnummer. Føresegna inneber at det overfor kriminalomsorga vert gjort unn-

tak frå teieplikta som er pålagt tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett eller kommunikasjonsteneste. Dei teiepliktige opplysingane skal nyttast i samband med innkalling av domfelte til soning, da det i nokre tilfelle er vanskeleg å kome i kontakt med domfelte.

Framlegget er omtala i kapittel 5.

Til § 7b

Framlegget gjeld varsling av fornærma og etterlatne om kriminalomsorga sine avgjerder, og er grunngjeve i dei same omstende som endringa i § 7 bokstav i. Framlegget om endring inneber altså berre ei teknisk justering av visinga til § 42.

Framlegget er omtala i kapittel 11.

Til § 11 ny overskrift

Framlegget om endring av overskrifta til § 11, inneber at både fengsel og overgangsbustad vert inkludert på ein tydeleg måte, og er meint å synleggjere at direkte innsetjing i overgangsbustad kan vere eit alternativ til innsetjing i fengsel.

Framlegget er omtala i kapittel 6.

Til § 11 nytt femte ledd

Framlegget gjeld høve til å setje domfelte direkte inn i overgangsbustad dersom vedkomande er idømd inntil 1 år fengselsstraff. Ved deldom er det den vilkårslause delen av straffa som er avgjerrande. Ordninga vil vere særleg aktuell for unge domfelte og domfelte som ein antek at treng butrenings, samt domfelte som har helsemessige problem som gjer soning i fengsel vanskeleg. Ordninga vil gjeve auka moglegheiter for at domfelte kan halde kontakt med familie og arbeid eller skule under straffegjennomføringa. Direkte innsetjing i overgangsbustad skal ikkje finne stad dersom formålet med straffa eller omsynet til tryggleik talar mot det, eller dersom det er grunn til å tru at domfelte vil unndra seg straffa.

Framlegget er omtala i kapittel 6.

Til § 14 første ledd bokstav c

Framlegget inneber ei endring av framgangsmåten ved overføring av innsette til anna fengsel på bakgrunn av at vedkomande har særleg negativ innverknad på miljøet i fengselet. Uttrykket «skriftlig advarsel» vert fjerna frå ordlyden. Før innsette kan overførast til anna fengsel, skal kriminalomsorga i staden gjennomføre åtferdssamtale og inngå åtferdsavtale med den innsette.

Overføring kan likevel finne stad dersom slike tiltak er forsøkt eller funne openbert nyttelaust.

Framlegget er omtala i kapittel 7.

Til § 14 første ledd ny bokstav f

Føresegna gjeld heimel for overføring av innsette til anna fengsel når omsynet til konkrete tilsette tilseier det. Bruk av føresegnar vil avhenge av eit skjøn kor mellom anna omsynet til den tilsette og omsynet til den innsette vil spele inn. I tillegg vil òg mellom anna habilitetsomsyn kunne vere relevante i vurderinga. Bruken av føresegnar vil måtte avgrensast mot overføring på bakgrunn av omsynet til «ro, orden og sikkerhet» etter § 14 første ledd bokstav d. Overføring av omsyn til konkrete tilsette vil kunne finne stad sjølv om det ikkje er påvist omstende som tilseier at tilsette sin tryggleik er svekka eller sjølv om det ikkje er grunnlag for at den innsette vert sikta i ei straffesak.

Framlegget er omtala i kapittel 7.

Til § 14 første ledd ny bokstav g

Framlegget gjeld heimel for overføring av innsette til anna fengsel dersom det er naudsynt for å unngå ei uheldig samansetjing av innsette. Heimen kan vere aktuell dersom einskilde grupperingar i fengselet er for dominerande overfor andre innsette, slik at til dømes moglegheita for rehabilitering vert svekka. Dette kan til dømes dreie seg om dominerande kriminelle miljø og grupperingar. Føresegna kan òg takast i bruk dersom fleire innsette som er dømde i same straffesak av ein viss alvorsgrad sonar i saman, og samansetjinga av innsette vert rekna som uheldig.

Framlegget er omtala i kapittel 7.

Til § 14 nytt andre ledd

Framlegget inneber at kriminalomsorga kan overføre innsette til anna fengsel dersom overføringa vil ivareta innsette sine behov på ein formålstenleg måte. Føresegna er særleg aktuell for overføring av unge innsette til ungdomseining, men vil òg kunne nyttast overfor til dømes kvinnelege innsette som sonar i avdeling der det elles er menn, eller langtidssonarar som sonar i eit fengsel med mindre aktivitetstilbod. Vidare vil føresegnar mellom anna vere aktuell som heimel for overføring av innsette med helsemessige problem til anna fengsel som er betre rusta til varetaking av helsemessige behov. Dersom innsette motset seg overføringa, må det i kvart tilfelle vurderast kor formålstenleg overføringa er, viss det er grunn til å

tru at innsette ikkje ynskjer å gjere nytte av ei eventuell tilrettelegging i eit anna fengsel.

Framleggget er omtala i kapittel 7.

Til § 14 nye tredje til åttande ledd

§ 14 andre til sjuande ledd vert nye tredje til åttande ledd. Framleggget er ei teknisk justering, som følgje av andre endringar i § 14. Endringa inneber ikkje realitetsendringar.

Framleggget er omtala i kapittel 7.

Til § 14 fjerde ledd

Departementet gjer framlegg om ei teknisk justering av § 14 fjerde ledd, på bakgrunn av tilvisingar og framlegg om endring av nokre andre ledd i føresegna.

Framleggget er omtala i kapittel 7.

Til § 36 andre ledd andre punktum

Framleggget går ut på at ein inkluderer uttrykket «blant annet» i føresegna, for å signalisere at opplistinga av kva for vilkår ein kan setje ved permisjon og straffavbrot, ikkje er uttømmende.

Framleggget er omtala i kapittel 9.

Til § 37 første ledd bokstav a

Føresegna regulerer bruk av uteleting av innsette frå fellesskapet som førebyggjande tiltak, dersom innsette har særleg negativ innverknad på miljøet i fengselet. Framleggget inneber at uttrykket «skriftlig advarsel» vert fjerna som vilkår for å utelate innsette frå fellesskapet. Det skal framleis vere vilkår om at innsette er gjord kjend med korleis fengselet oppfattar innsette si åferd og kva for konsekvens åferda kan få. Denne varslinga skal fortrinnsvis vere skriftleg. Varslinga kan òg etter omstenda skje munnleg, men det er da ei føresetnad at innhaldet i samtala vert dokumentert i ettertid. Endringa må sjåast i samanheng med endringa i § 14 første ledd bokstav c.

Framleggget er omtala i kapittel 8.

Til § 40 sjuande ledd andre punktum

Endringa inneber at unnlating av å møte opp til gjennomføring av samfunnsstraff ikkje skal meldast til politiet, men heller vert rekna som brot i straffegjennomføringa som gjev grunnlag for reaksjon etter straffegjennomføringsloven § 58. Lovendringa bringer lova i samsvar med praksis

establisert ved rundskriv frå Sentralforvaltninga for kriminalomsorga.

Framleggget er omtala i kapittel 10.

Til § 42 sjette ledd

Framleggget til lovendring inneber at det ikkje kan setjast vilkår om effektuering av utvisingsvedtak ved prøvelauslating av utviste innsette. Dette gjeld ved prøvelauslating både når halve straffa og to tredjedelar av straffa er gjennomført. Innsette skal då heller verte fengsla med heimel i utlendingslovgivinga eller eventuelt lauslastast. Innsette skal likevel ikkje lauslastast dersom det etter ei samla vurdering vil vere utilrådeleg. Lovendringa vil fjerne tvil om forholdet mellom straffegjennomføringslova sine reglar for prøvelauslating og EMK artikkel 5, og bringe lova i samsvar med praksis etablert ved rundskriv frå Sentralforvaltninga for kriminalomsorga.

Framleggget er omtala i kapittel 11.

Til § 44 andre ledd nytt tredje punktum

Framleggget må sjåast i samanheng med framleggget om endring av straffegjennomføringsloven § 58 andre ledd andre punktum. § 44 syner til føresegna i § 58, og framleggget inneber at regionalt nivå i kriminalomsorga, òg ved brot på vilkåra for prøvelauslating, tek avgjerd om anke til lagmannsrett, fullbyrding etter straffeprosessloven § 455 og utsetjing av fullbyrding utover seks månader etter straffeprosessloven § 459.

Framleggget er omtala i kapittel 4.

Til § 44 femte ledd

Føresegna gjeld kriminalomsorga sitt høve til å be politiet om å hente prøvelauslatne for å få gjennomført samtale for innskjering av vilkåra for prøvelauslatinga. Føresegna syner til straffeprosessloven § 461 tredje ledd, som er endra til andre ledd. Framleggget gjeld ei endring i syninga frå tredje ledd til andre ledd, og inneber difor ikkje realitetsendringar.

Framleggget er omtala i kapittel 12.

Til § 52 andre punktum

Framleggget om endring av § 52 andre punktum inneber ei presisering av at det ikkje er straffbart å unndra seg varetekta. Dette har bakgrunn i at innsette i varetekta ikkje er omfatta av føresegna om straff i straffegjennomføringsloven § 40

åttande ledd. Framlegget inneber ikkje realitetsendring, men vert gjort av pedagogiske omsyn.

Framlegget er omtala i kapittel 13.

Til § 58 andre ledd tredje punktum

Forskrift av 19. mars 2010 om innkalling og utsettelse ved fullbyrding av straff inneber at kompetansen til å avgjere spørsmål om utsetjing av soninga etter straffeprosessloven § 459 vart lagt til lokalt nivå i kriminalomsorga. Utsetjing lengre enn seks månadar vert likevel avgjort av regionalt nivå. Framlegget om endring av § 58 andre ledd andre punktum tek sikte på at den praksis ein har i dag skal reflekterast i lovteksten, og inneber ikkje realitetsendringar.

Framlegget er omtala i kapittel 4.

Til § 58 siste ledd

Framlegget er grunngjeve i dei same omstende som grunngjev endring av § 44 femte ledd, og inneber ikkje realitetsendringar.

Framlegget er omtala i kapittel 12.

18.4 Ikraftsetjing

Endringa i straffeprosessloven § 163 første ledd krev endringar i påtaleinstruksen kapittel 14 før endringa kan tre i kraft. Denne endringa tek til å gjelde frå det tidspunktet Kongen fastset.

Endringane elles i proposisjonen kan tre i kraft straks.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i straffegjennomføringsloven mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffegjennomføringsloven mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i straffegjennomføringsloven mv.

I

I lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig straffelov vert det gjort følgjande endringar:

§ 54 nr. 2 fyrste ledd skal lyde:

Dersom den domfelte alvorlig eller gjentatt bryter fastsatte vilkår, kan retten bestemme ved dom at straff helt eller delvis skal fullbyrdes. Ved vilkår om narkotikaprogram og program mot ruspåvirket kjøring, kan kriminalomsorgen bringe saken inn for retten med begjæring om slik dom. Dommen må være avsagt innen tre måneder etter at prøvetiden gikk ut. Reglene om forsvarer og om pågripelse og fengsling i straffeprosessloven § 100 og kapittel 14 gjelder tilsvarende. *Reglene om varsling i straffeprosessloven § 243 gjelder tilsvarende for rettsmøter om avgjøring. Kriminalomsorgen skal varsles etter samme regler som påtalemyndigheten.*

II

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker vert det gjort følgjande endringar:

§ 163 fyrste ledd skal lyde:

Personundersøkelse utføres av en skikket person som *kriminalomsorgen* utpeker, om ikke retten oppnevner en bestemt person til å foreta undersøkelsen.

§ 455 fyrste ledd fjerde punktum skal lyde:

For dom som beslutter å fullbyrde subsidiær fengselsstraff etter straffeloven § 28 b første ledd bokstav a, *reststraff etter prøveløslatelse etter straffegjennomføringsloven § 44 annet ledd* og fengselsstraff etter straffeloven § 54 nr. 2, treffes vedtak om fullbyrding av *regionalt nivå i kriminalomsorgen*.

III

I lov 18. mai 2001 nr. 21 om gjennomføring av straff mv. vert det gjort føljande endringar:

§ 7 bokstav i skal lyde:

- i) Tausheitsplikt er ikke til hinder for at kriminalomsorgen gir opplysninger som nevnt i § 26 sjette ledd, § 20 annet ledd, § 36 tredje ledd, § 40 siste ledd, § 42 *sjette* og *syvende* ledd og straffeloven § 39 g femte ledd, til den fornærmede i straffesaken eller dennes etterlatte.

§ 7a overskriften skal lyde:

Opplysningsplikt overfor kriminalomsorgen

§ 7a andre ledd ny bokstav d skal lyde:

- d. Tilbyder av tilgang til elektronisk kommunikasjonsnett eller kommunikasjonstjeneste; opplysninger om avtalebasert hemmelig telefonnummer og andre abonnementsopplysninger.

§ 7b fyrste ledd skal lyde:

For regler om varsling til fornærmede eller dennes etterlatte om kriminalomsorgens avgjørelser, se § 16 sjette ledd, § 20 annet ledd, § 36 tredje ledd, § 40 siste ledd, § 42 *sjette* og *syvende* ledd og straffeloven § 39 g femte ledd.

§ 11 overskriften skal lyde:

Innsettelse i fengsel og overgangsbolig

§ 11 nytt femte ledd skal lyde:

Kriminalomsorgen skal vurdere om domfelte kan settes direkte inn i overgangsbolig dersom det er idømt fengselsstraff på inntil 1 år. Fjerde ledd annet punktum gjelder tilsvarende.

§ 11 gjeldande femte ledd vert nytt sjette ledd.

§ 14 fyrste og andre ledd skal lyde:

Kriminalomsorgen kan overføre innsatte til et annet fengsel dersom

- a) det er sannsynlig at innsatte har begått eller vil begå en straffbar handling,
- b) det er grunn til å anta at innsatte vil unndra seg gjennomføringen,
- c) dette er nødvendig for å hindre at innsatte, til tross for at adferdssamtale er gjennomført, fortsetter å påvirke miljøet i fengslet på en særlig negativ måte,
- d) overføring er nødvendig for å opprettholde ro, orden og sikkerhet i fengslet,
- e) bygningsmessige eller bemanningsmessige forhold eller plassmangel gjør det nødvendig,
- f) når særlige forhold foreligger som gjør overføring nødvendig av hensyn til en tilsatt eller vedkommendes tjenesteutøvelse eller omstendighetene for øvrig gjør det påkrevet, eller
- g) det er nødvendig for å unngå en uheldig sammensetning av innsatte.

Kriminalomsorgen kan også overføre innsatte til annet fengsel dersom overføringen ivaretar innsattes behov på en hensiktsmessig måte.

§ 14 gjeldande andre til sjuande ledd vert nye tredje til åttande ledd.

§ 14 femte ledd skal lyde:

Domfelte som gjennomfører forvaring eller strafferettlig særreaksjon i fengsel, kan overføres til avdeling tilrettelagt for innsatte med særlige behov, jf. § 10 annet ledd, selv om vilkårene i første ledd bokstavene a) til g) eller annet ledd ikke er oppfylt. Overføringen må være nødvendig for å forebygge brudd på ro, orden og sikkerhet eller for å ivareta domfeltes særlige behov.

§ 36 andre ledd andre punktum innledningen skal lyde:

Det kan *blant annet* bestemmes at innsatte skal

§ 37 fyrste ledd bokstav a skal lyde:

- a) hindre at innsatte fortsetter å påvirke miljøet i fengslet på en særlig negativ måte,

§ 40 sjuande ledd tredje punktum skal lyde:
Første punktum gjelder ikke unnlatt oppmøte til samfunnsstraff som behandles etter bestemmelsene om brudd, jf. § 58.

§ 42 sjette ledd vert oppheva.

Gjeldande sjuande til niande ledd vert nye sjette til åttande ledd.

§ 44 andre ledd nytt tredje punktum skal lyde:
§ 58 annet ledd annet punktum gjelder tilsvarende.

§ 44 femte ledd skal lyde:

Kriminalomsorgen kan anmode politiet om å avhente prøveløslatte etter straffeprosessloven § 461 annet ledd hvis det er nødvendig for å iverksette reaksjon etter første ledd.

§ 52 andre punktum skal lyde:

§§ 12, 15, 16, 20, 33, 35, 36, 40 åttende ledd og 41 til 45 i loven her gjelder ikke.

§ 58 andre ledd andre punktum skal lyde:
Samme myndighet treffer i slike tilfeller også avgjørelse om anke til lagmannsrett, fullbyrding etter straffeprosessloven § 455 og utsettelse av fullbyrdingen utover seks måneder etter straffeprosessloven § 459.

§ 58 fjerde ledd skal lyde:

Kriminalomsorgen kan anmode politiet om å avhente den domfelte etter straffeprosessloven § 461 annet ledd hvis det er nødvendig for å få iverksatt en reaksjon etter første ledd.

IV

Ikraftsetjing

1. Endringa i straffeprosessloven § 163 fyrste ledd tek til å gjelde frå det tidspunktet Kongen fastset.
2. Elles tek lova til å gjelde straks.



Nytt Østlandet
Trykk A/S O, Fredr Arnesen. Mars 2013

241491